

# Studieplan for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

## Integrated Master's Programme in Music Therapy

### Godkjenning:

Studieplanen er godkjend av:

Programstyret:	29. oktober 2018
Instituttrådet ved GA	13. november 2018
Utdanningsutvalget	5. desember
Fakultetsstyret	13. desember 2018

Studieplanen vart justert: Mindre justeringar i emneplan for:  
MUTP300 Musikkterapi i barn og unges oppvekst  
MUTP305 Musikkterapi i helsesektoren I  
MUTP640 Musikk som verktøy i forebyggende arbeid med barn og unge

Godkjend av:	
Programstyret	17. februar 2022 / 6. mai 2022
Instituttrådet ved GA	9. juni 2022

### Evaluering:

Studieprogrammet vart sist evaluert:.....(dd.mm.år)  
Neste planlagde evaluering: .....(2022/2023)

**Namn på studieprogrammet**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

**Name of the programme of study**

Integrated Master's Programme in Music Therapy

**Namn på grad**

Master i musikkterapi

**Omfang og studiepoeng**

300 studiepoeng

**Fulltid/deltid**

Fulltid

**Undervisningsspråk**

Normalt norsk, med mindre anna er opplyst i emneplanen for det enkelte emnet. Enkelte forelesingar vil vere på engelsk.

**Studiestart**

Haust

**Mål og innhald**

Det integrerte masterprogrammet i musikkterapi ved Fakultet for kunst, musikk og design (KMD), Universitetet i Bergen, skal kvalifisere for musikkterapeutisk yrkesutøving i helsevesenet, pedagogiske kontekstar og samfunnet elles og skal setje studenten i stand til å gå inn i forpliktande tverrfagleg samarbeid. Studiet gjev ei innføring i forskning og formidling av musikkterapi og gjev grunnlag for vidare kvalifisering for dette gjennom doktorgradsstudium.

**Læringsutbyte**

Kunnskapar

Studenten har evne til kritisk refleksjon med utgangspunkt i sentrale verdiar og teoriar innan fagområdet, og kan grunngje, vidareutvikle og formidle eige arbeid. Studenten har òg kjennskap til sentrale kvalitative og kvantitative forskingsmetodar og evner å bruke relevant forskingsmetodikk for utvikling av ny kunnskap.

Studenten har djupneforståing av eige fag og breiddeorientering i høve til feltet musikk og helse, slik at kandidaten er i stand til å samarbeide med andre fagpersonar og med brukarar og pårørande

Dugleikar

Studenten har praktisk-metodisk dugleik og kreativitet innan musikk og er i stand til å engasjere menneske i helsefremjande musikalsk praksis.

Generell kompetanse

Studenten evnar å bruke relevant forskingsmetodikk for utvikling av ny kunnskap. Studenten har god kommunikasjonsevne og mellommenneskeleg sensitivitet og kan møte menneske med respekt og forståing.

**Opptakskrav**

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. Det er i tillegg opptaksprøve for alle søkjarar og opptak skjer etter ei heilskapleg vurdering der det blir lagt vekt på karakterar og på kandidaten si gjennomføring av opptaksprøva. Opptaksprøva har tre hovudkomponentar:

- i) innstudert materiale på hovud- og biinstrument,
- ii) prøve i dialogisk improvisasjon og bruksinstrument (vanlegvis piano eller gitar), og

iii) intervju.

Det er ein føresetnad for opptak at søkjaren skriv under på løfte om teieplikt og leverer godkjend politiattest. Etter nærare gitte reglar vil det vere høve til å søkje om innpass i det integrerte masterprogrammet.

### **Tilrådde forkunnskapar**

Tilrådde forkunnskapar inkluderer praktisk erfaring frå arbeid med menneske med særlege behov og teoretisk og praktisk dugleik i musikk minimum tilsvarande godt avgangsnivå for musikklinje på vidaregåande skule. Praktisk dugleik i musikk må omfatte hovudinstrumentdugleik og bruksmusikkkompetanse på eit akkompagnementsinstrument. Breidde i høve til (bi)instrument og sjangerkunnskap er ein fordel.

### **Innføringsemne**

Integrert master i musikkterapi inneheld 30 studiepoeng med innføringsemne.

Førstesemesterstudiet er sett saman av Ex.phil (10 stp) og Ex.fac, akademisk skrivning (10 stp) og innføringsemnet MUTP100 / Innføring i musikkterapi (10 stp.). For innpassingsstudentar vil tilsvarande innføringsemne frå andre fakultet kunne godkjennast.

### **Obligatoriske emne**

Følgjande emne er obligatoriske i studieprogrammet:

EXPHIL-HF / Examen philosophicum

EXFAC00AS / Examen facultatum, Akademisk skrivning

MUTP100 / Innføring i musikkterapi (10 stp.)

PSYK111 / Innføring i psykologi og psykologiens historie (15 stp.)

MUF101 / Musikk, kultur og samfunn (15 stp.)

MUTP102 / Musikkterapeutisk bruksmusikk (15 stp.)

MUTP103 / Musikkterapiteori (10 stp.)

MUTP104 / Musikkering (Musicking) (10 stp.)

MUTP105 / Samspel i musikkterapi (10 stp.)

MUTP202 / Samfunnsmusikkterapi (15 stp.)

MUTP205 / Innføring i musikkterapeutisk praksis (15)

MUTP206 / Musikkterapeutisk teoriutvikling (10)

MUTP207 / Kreativ stemmebruk i musikkterapi (5)

MUTP300 / Musikkterapi i barn og unges oppvekst (15)

MUTP302 / Musikkterapeutisk improvisasjon (15 stp.)

MUTP303 / Musikkterapeutisk profesjonskunnskap (15 stp.)

MUTP305 / Musikkterapi i helsesektoren I (15)

MUTP306 / Musikkterapi i helsesektoren II (15)

MUTP312 / Musikkterapeutisk forskingsmetode (15 stp.)

MUTP350 / Masteroppgåve i musikkterapi (30 stp.) eller MUTP360 / Masteroppgåve i musikkterapi (60 stp.).

### **Obligatoriske aktivitetar**

All undervisning og praksis er obligatorisk, sjå emneplanane og praksishefte for spesifikasjon.

Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett. Dette gjeld på kvart einskild kurs i emnet. Obligatoriske undervisningsaktivitetar er spesifiserte for kvart emne og må vere godkjende før eksamen. Gjennomførte obligatoriske undervisningsaktivitetar er gyldige i to semester.

### **Spesialisering**

Ingen

### **Tilrådde valemne/frie studiepoeng**

Frie studiepoeng innan nærskyldige fag som musikk, psykologi, sosiologi, antropologi, pedagogikk, medisin eller andre helsefag vil kunne vere relevante.

Tilrådte frie studiepoeng vil vere under kontinuerleg utvikling, etter som musikkterapi utviklar seg som fag og forskingsfelt ved UiB og i eit internasjonalt forskingsnettverk. Studentar vert difor oppmoda til å velje frie studiepoeng i samråd med fagpersonalet.

### Omfang masteroppgåve

Masteroppgåve er på 30 stp. Studentar på Forskingslinja skriv ei masteroppgåve på 60 stp.

### Delstudium i utlandet

Du kan ta delar av utdanninga di som utvekslingsstudent i eit anna land. Du kan velje blant Universitetet i Bergen sine avtaler i heile verda, og det er skapt rom for nasjonal/internasjonalt utveksling i det femte semesteret. Emna må førehandsgodkjennast av UiB.

### Rekkefølge for emne i studiet, normalprogresjonen

Tabell 1 skisserer normalprogresjonen i studiet, der det er lagt vekt på kontinuitet i høve til innhaldskomponentar, samstundes som det i femte semester er skapt rom for nasjonal/internasjonalt utveksling. Innpassingsstudentar får individuelt tilpassa utdanningsplanar, sjå nedanfor.

	Emne (15 stp)		Emne (15 stp)	
1. sem	Ex.phil / Examen philosophicum (10)	Ex.fac / Examen facultatum, Akademisk skriving (10)	MUTP100 / Innføring i musikkterapi (10)	
2. sem	MUTP103 / Musikkterapeori (10)	MUTP104 / Musikkering (10)	MUTP105 / Samspel i musikkterapi (10)	
3. sem	PSYK111 / Innføring i psykologi og psykologiens historie (15)	MUF101 / Musikk, kultur og samf. (15)	MUTP102 / MT bruksmusikk (15)	
4. sem	MUTP205 / Innføring i musikkterapeutisk praksis (15)	MUF101 / Musikk, kultur og samf.	MUTP102 / MT bruksmusikk	
5. sem	30 frie studiepoeng			
6. sem	MUTP202 / Samfunnsmusikkterapi (15)	MUTP206 / Musikkterapeutisk teoriutvikling (10)	MUTP207 / Kreativ stemmebruk i musikkterapi (5)	
7. sem	MUTP300 / Musikkterapi i barn og unges oppvekst (15)	MUTP305 / MT i helsesektoren I (15)	MUTP302 / MT improvisasjon (15)	
8. sem	MUTP 312 / Musikkterapeutisk forskingsmetode (15)	MUTP305 / MT i helsesektoren I	MUTP302 / MT improvisasjon	
9. sem	MUTP350 / Masteroppgåve (30)	MUTP306 / MT i helsesektoren II (15)	MUTP303 / MT profesjonskunnskap (15)	
10. sem	MUTP350 / Masteroppgåve	MUTP306 / MT i helsesektoren II	MUTP303 / MT profesjonskunnskap	

\*Studentar med godkjend bachelorgrad eller tilsvarande og dessutan toårig vidareutdanning i musikkterapi eller tilsvarande som har fått opptak til den vitenskaplege delen av Femårig integrert masterprogram i musikkterapi, sjuande til tiande semester, følgjer undervisninga i emna MUTP313, MUTP312 og MUTP350.

<b>7. sem</b>	MUTP313 / Musikkterapi særemne (15 stp.)
<b>8. sem</b>	MUTP 312 / Musikkterapeutisk forskingsmetode (15 stp.)
<b>9. sem</b>	MUTP350 / Masteroppgåve (30 stp.)
<b>10. sem</b>	MUTP350 / Masteroppgåve

Tabell 1: Normalprogresjonen i integrert masterprogram i musikkterapi.

### Variant av normalprogresjon: Forskingslinje

Forskingslinja gjer det mogeleg å fordjupe seg i forskingsmetode og/eller teori, og å skrive ei masteroppgåve på 60 stp. Søknadsfrist til Forskingslinja er 15. april i 4. semester. For å kunne søkje, må snittkarakteren for dei fire første semester vere B eller betre. Studentar på Forskingslinja tar MUTP300 i 5. semester og har det same semesteret 5 frie studiepoeng der det er forventa at dei tar eit forskingsrelevant emne innan forskingsmetode/statistikk eller teori. I 6. semester tar Forskingslinje-studentane 40 studiepoeng, i emna MUTP312, MUTP202 og MUTP206. Emnet MUTP207 / Kreativ stemmebruk går ut som obligatorisk emne for Forskingslinje-studentane, men dei kan søkje om å ta dette emnet i 8. eller 10. semester.

<b>1. sem</b>	Ex.phil / Examen philosophicum	Ex.fac / Examen facultatum, Akademisk skrivning	MUTP 100 / Innføring i musikkterapi
<b>2. sem</b>	MUTP103 / Musikkterapeutisk teori (10)	MUTP104 / Musikkering (10)	MUTP105 / Samspel i musikkterapi (10)
<b>3. sem</b>	PSYK111 / Innføring i psykologi og psykologiens historie (15)	MUF101 / Musikk, kultur og samfunn (15)	MUTP102 / Musikkterapeutisk bruksmusikk (15)
<b>4. sem</b>	MUTP205 / Innføring i musikkterapeutisk praksis (15)	MUF101 / Musikk, kultur og samfunn	MUTP102 / Musikkterapeutisk bruksmusikk
<b>5. sem</b>	5 frie studiepoeng	MUTP300 / Musikkterapi i barn og unges oppvekst (15)	
<b>6. sem</b>	MUTP312 / Musikkterapeutisk forskingsmetode (15)	MUTP202 / Samfunnsmusikkterapi (15)	MUTP206 / Musikkterapeutisk teoriutvikling (10)
<b>7. sem</b>	MUTP360 / Masteroppgåve (60)	MUTP305 / MT i helsesektoren I (15)	MUTP302 / Musikkterapeutisk improvisasjon (15)
<b>8. sem</b>	MUTP360 / Masteroppgåve	MUTP305 / MT i helsesektoren I	MUTP302 / Musikkterapeutisk improvisasjon
<b>9. sem</b>	MUTP360 / Masteroppgåve	MUTP306 / MT i helsesektoren II (15)	MUTP303 / Musikkterapeutisk profesjonskunnskap (15)
<b>10. sem</b>	MUTP360 / Masteroppgåve	MUTP306 / MT i helsesektoren II	MUTP303 / Musikkterapeutisk profesjonskunnskap

Tabell 2: Progresjon for studentar på Forskingslinja ved integrert masterprogram i musikkterapi.

### Krav til progresjon

MUTP100 må vere gjennomført og bestått før ein kan avlegga eksamen i MUTP103, MUTP104, MUTP105, MUTP205 og MUTP202. Unntaket er studentar med individuelt tilpassa utdanningsplanar.

Alle kurs på 100- og 200-nivå vere fullførte og godkjende før kurs på 300-nivå. Unntaket er studentar som har søkt og fått godkjent opptak til Forskingslinja, se krav og eigen studieveg.

MUTP312 må vere gjennomført og bestått før ein kan ta eksamen i MUTP350 eller MUTP360.

**Omfang masteroppgåve**

Masteroppgåva er på 30 stp. Studentar på Forskingslina skriv ei masteroppgåve på 60 stp.

**Undervisningsmetodar**

Programmet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes førelesingar, seminar, individuell rettleiing, grupperettleiing og praksis. Undervisninga vil i hovudsak skje på dagtid, medan praksis kan kome både på dagtid, kveldstid og i helgar. I tillegg kjem interne konsertar og liknande arrangement.

Ut i frå målsetjing og skissert læringsutbytte for studiet, er det ein føresetnad at studentane er villige til å gå inn i prosessar der dei arbeider både med teoretisk og akademisk refleksjon, med musikalsk og metodisk kompetanse og med personleg utvikling knytt til rolla som terapeut og samarbeidande menneske. Det vil vere ei veksling mellom lærarstyrt undervisning, gruppearbeid og studentframlegg. Det blir såleis lagt vekt på arbeidsformer som krev sjølvstende og samstundes evne til samarbeid og problemløysing. Det blir gitt kontinuerleg rettleiing av praksis (gjeld MUTP202, MUTP205, MUTP300, MUTP305 og MUTP306).

**Vurderingsformer**

Gjennom programmet vert studentane prøvd på ulike måtar, eksempelvis ved skuleeksamen, mappevurdering, semesteroppgåve, foredrag og munnleg/praktisk prøve. Sjå elles emneplanen for det einskilde emnet. For å bestå det integrerte mastergradstudiet i musikkterapi, må kandidaten få godkjend alle obligatoriske aktivitetar og eksamenskrav innanfor dei ulike emne.

**Litteraturliste**

Lista vil vere klar innan 01.06 / 01.01 for det komande semesteret.

**Karakterskala**

Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:

- 1) A-F, der F er stryk
- 2) Greidd/ikkje greidd

Sjå emneplanen for det einskilde emnet.

**Vitnemål og vitnemålstillegg**

Vitnemål blir skrive ut etter at graden er fullført.

**Grunnlag for vidare studium**

Det integrerte masterprogrammet i musikkterapi kvalifiserer til opptak til ph.d-utdanning.

**Relevans for arbeidsliv**

Studiet skal gjere studentane skikka til å gå inn i følgjande yrkesfunksjonar:

1. Musikkterapeutisk og utviklingsstøttande arbeid innan førskule, skule, kulturskule og vaksenopplæring
2. Musikkterapeutisk og førebyggjande arbeid innan ulike miljøtiltak, som barne- og ungdomsarbeid, fengsel og ulike typar interesseorganisasjonar
3. Musikkterapeutisk arbeid innan helsevesenet, inklusivt habilitering, nevrorehabilitering, psykisk helsevern, eldreomsorg og palliativ omsorg
4. Forsking i og formidling av musikkterapi.

**Evaluering**

Evaluering av programmet vert gjennomført i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no

**Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

**Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet - Institutt for musikk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[studieveileder@kmd.uib.no](mailto:studieveileder@kmd.uib.no)

## Femårig Integrert masterprogram i musikkterapi, emneplanar

**EXPHIL- HF / Examen philosophicum**

(<http://www.uib.no/emne/EXPHIL-HFSEM#emnebeskrivelse>

<http://www.uib.no/emne/EXPHIL-HFEKS#emnebeskrivelse>)

**EXFAC00AS / Examen facultatum, Akademisk skriving**

(<http://www.uib.no/emne/EXFAC00AS>)

**MUTP100 – Innføring i musikkterapi**

<http://www.uib.no/emne/MUTP100>

**PSYK111 / Innføring i psykologi og psykologiens historie**

<http://www.uib.no/emne/PSYK111>

**MUF101 / Musikk, kultur og samfunn**

(<http://www.uib.no/emne/MUF101#emnebeskrivelse>)

**Emnekode MUTP100**



**Namn på emnet, nynorsk/bokmål**

MUTP100 / Innføring i musikkterapi

**Namn på emnet, engelsk**

MUTP100 / Introduction to Music Therapy

**Studiepoeng, omfang**

10 stp

**Studienivå (studiesyklus)**

Bachelor

**Fulltid/deltid**

Fulltid

**Undervisningsspråk**

Norsk

**Undervisningssemester**

Haust

**Undervisningsstad**

Griegakademiet – Institutt for musikk

**Mål og innhald**

Emnet gjev ein introduksjon til musikkterapi, med eit overblikk over fag og praksisfelt. Emnet inneheld tre hovudkomponentar:

*Innføring i musikkterapeutisk teori og forskingsmetode*

Kurset gjev ei innføring i sentrale tradisjonar, omgrep, teoriar og forskingstilnærmingar i musikkterapifaget, i eit historisk og systematisk perspektiv. Integrert i kurset er eit leseseminar, der det å lese og fortolke akademiske musikkterapitekstar blir sett i fokus.

*Innføring i sentrale arbeidsfelt og praksistradisjonar i musikkterapien*

Kurset introduserer breidda i musikkterapeutiske arbeidsfelt, frå førebyggjande og helsefremmande arbeid til behandling og palliativ omsorg. Arbeidsfelt slik dei er utvikla i norsk samanheng, innan ulike samfunnssektorar og forvaltningsnivå, blir vektlagde. Sentrale trekk ved musikkterapeutiske arbeidsprosessar og nokre av dei mest vanlege arbeidsmåtar, målgrupper og målområde blir også gjennomgått.

*Eigenerfaring med musikkterapeutiske arbeidsmåtar*

Kurset gjev studentane høve til å erfare nokre av dei mest vanleg aktivitetsformene og arbeidsmåtene i musikkterapien, slik som lytting, samspel, improvisasjon, dans og rørsle, songskrivning og verbal refleksjon. Kurset inneheld praksisseminar og observasjon av musikkterapipraksis.

**Læringsutbytte**

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

*Kunnskapar*

Studenten ..

- viser elementær kunnskap om musikkterapi som fag, profesjon og praksis
- kjenner til dei sentrale teoriene og forskings-metodane på fagområdet
- forstår korleis musikkterapi er knytt til historisk og kulturell kontekst

*Dugleikar*

Studenten ..

- viser forståing av korleis musikkterapi blir praktisert, med kva målgrupper og i kva samanhengar, og kan delta i samtalar om kva som er god praksis
- viser evne til å lese og forstå musikk-terapeutisk faglitteratur og delta i samtalar om musikk-terapeutisk teori og forskning

**Generell kompetanse**

Studenten ..

- har erfart nokre av dei mest sentrale arbeidsmåtane i musikkterapeutisk praksis og kan reflektere om deltaking i musikkaktivitetar relevante for musikkterapeutisk praksis

**Krav til forkunnskapar**

Ingen

**Tilrådde forkunnskapar**

Grunnleggjande bruksmusikalsk dugleik og kunnskapar i musikkteori.

**Studiepoengsreduksjon**

Ingen

**Krav til Studierett**

Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.

**Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Undervisninga vil inkludere førelesingar, gruppeoppgåver, videoobservasjonar og eigenerfaringskomponentar. Arbeid med emnet krev evne til sjølvstendig tileigning av litteratur og evne til munnleg og skriftleg drøfting og analyse av praksiserfaringar i lys av pensum. Som førebuing til eksamen blir desse dugleikane oppøvde gjennom leseseminar, diskusjonar, studentpresentasjonar, skriftlege oppgåver og heimearbeid.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar fleire komponentar/kurs. Fråvær på meir enn 20 % i ein eller fleire av komponentane i emnet fører normalt til tap av eksamensrett.

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen.

**Vurderingsformer**

5 timars skriftleg skuleeksamen, eventuelt som digital skuleeksamen.

Minst to sensorar der ein av dei skal vera ekstern.

**Karakterskala**

Bokstavkarakterar, A - F.

**Vurderingsssemester**

Haust

**Litteraturliste**

Pensum er på ca. 700 sider. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

**Emneevaluering**

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

**Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

**Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet - Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[Studieveileder@kmd.uib.no](mailto:Studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf 55 58 69 59

## Emnekode MUTP102

**Namn på emnet, nynorsk/bokmål**

MUTP102 / Musikkterapeutisk bruksmusikk

**Namn på emnet, engelsk**

MUTP102 / Basic Musical Skills for Music Therapy

**Studiepoeng, omfang**

15

**Studienivå (studiesyklus)**

Bachelor

**Fulltid/deltid**

Fulltid

**Undervisningsspråk**

Norsk

**Undervisningssemester**

Haust og vår. Undervisninga går over to semester.

**Undervisningsstad**

Griegakademiet – Institutt for musikk

**Mål og innhald**

Emnet gjev ei praktisk og teoretisk innføring i musikkterapeutisk bruksmusikk, altså musikk og musiseringsformer som kan fungere sosialt i brukssituasjonar som er aktuelle i musikkterapien. Undervisning i emnet gjev eit fundament knytt til musikk, gjennom forståing av grunnleggjande musikkteori og oppøving av praktisk musikkdugleik.

Emnet inneheld fleire komponentar:

*Høyrelære/satslære*

Innhaldskomponentar i kurset i høyrelære/satslære er: kunnskap om toneartar, skalaer og harmonikk, transkripsjon av melodi, rytme og harmonisk skjema i enkeltlåtar (såkalla "plukking" av låtar), og arrangering for to, tre og fire stemmer, i relevante sjangrar. Kurset blir undervist i grupper på maksimum åtte studentar.

*Bruksinstrument*

Bruksinstrument skal vere eit aktuelt akkompagnementsinstrument, vanlegvis piano eller gitar, og det anbefalast at studentar undervises i sitt svakaste bruksinstrument (gitar eller piano). Studenten bør utvikle dugleik på følgjande område: Besifringsspel og bladspel (på gitar eventuelt spel etter tabulatur), gehørspel og transponering. I den grad det er rom for det, kan ein også arbeide med improvisasjon. Undervisninga tar særleg sikte på å setje studenten i stand til å akkompagnere song- og instrumentalaktivitetar og å forme eit musikalsk uttrykk ut frå det musikalske materialet som føreligg (sjå også emneplanane for MUTP302 og MUTP303).

*Seminar i afrikansk musikk*

Kurset omfattar eit seminar i afrikansk perkusjon og/eller dans.

*Vekeskurs i norsk folkemusikk*

Studentane får ei innføring i norsk folkemusikktradisjon ved å følgje vekeskurs i folkemusikk og folkedans ved Ole Bull Akademiet.

*Korprosjekt ved Griegakademiet*

Studentane får røynsle med musikkutøving i klassisk tradisjon gjennom deltaking på Griegakademiet sine korprosjekt i samarbeid med aktuelle orkester.

**Læringsutbyte**

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

*Kunnskapar*

Studenten har grunnleggande teoretisk kunnskap i musikk og kan delta musikalsk i praksisundervisninga på studiet.

#### *Dugleikar*

Studenten har grunnleggande praktisk dugleik i musikk og kan nyttiggjere seg undervisninga på andre musikkrelaterte emne i studiet.

#### *Generell kompetanse*

Studenten er kvalifisert til å engasjere andre menneske i helsefremjande musikalsk praksis.

#### **Krav til forkunnskapar**

Ingen

#### **Tilrådde forkunnskapar**

Tilrådde forkunnskapar inkluderer teoretisk og praktisk dugleik i musikk minimum tilsvarande godt avgangsnivå for musikklinje på vidaregåande skule. Praktisk dugleik i musikk må omfatte hovudinstrumentdugleik og bruksmusikkkompetanse på eit akkompagnementsinstrument. Bredde i høve til (bi)instrument og sjangerkunnskap er ein fordel.

#### **Studiepoengsreduksjon**

Ingen

#### **Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

#### **Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Undervisninga inkluderer førelasingar, gruppeoppgåver og aktiv musisering. Arbeid med emnet krev aktiv eigeninnsats av studenten i form av øving, bruksmusikkarrangering osv.

#### **Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar fleire komponentar/kurs:

- Kurs i bruksinstrument
- Kurs i høyrelære/satslære
- Kurs i afrikansk perkusjon og/eller dans
- Vekeskurs i norsk folkemusikk og folkedans ved Ole Bull Akademiet
- Deltaking i korprosjekt ved Griegakademiet

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen. Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett.

#### **Vurderingsformer**

Eksamen omfattar dugleiksprøve på aktuelt bruksinstrument, der studenten dokumenterer tilfredsstillande musikalsk framgang, tilfredsstillande musikkteoretisk forståing, og dugleik som ville kunne fungere i ein musikkterapeutisk arbeidssituasjon.

Intern sensur med minst to sensorar.

#### **Karakterskala**

Greidd/Ikkje greidd

#### **Vurderingssemester**

Vår

#### **Litteraturliste**

Pensum er på ca. 200 sider. Eiga litteraturliste blir utarbeidd. I tillegg kjem aktuelt notemateriale og sjangerinformasjon.

#### **Emneevaluering**

Det blir gjennomført evaluering i form av spørjeskjema. Ein skriftleg rapport blir utarbeidd.

**Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

**Administrativt ansvarleg**

Fakultet for kunst, musikk og design v/Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[Studieveileder@kmd.uib.no](mailto:Studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf 55 58 69 50

## Emnekode MUTP103

**Namn på emnet, nynorsk/bokmål**

MUTP103 / Musikkterapiteori

**Namn på emnet, engelsk**

MUTP103 / Music Therapy Theory

**Studiepoeng, omfang**

10 stp

**Studienivå (studiesyklus)**

Bachelor

**Fulltid/deltid**

Fulltid

**Undervisningsspråk**

Norsk

**Undervisningssemester**

Vår

**Undervisningsstad**

Griegakademiet – Institutt for musikk

**Mål og innhald**

Emnet gjev ei oversikt over sentrale musikkterapeutiske teoriar, med rom for refleksjon over forholdet mellom teori, forskning og praksis. Det er tre hovudkomponentar i emnet:

*Sentrale omgrep og musikkterapeutiske grunnlagsproblem*

Kurset gjev ein introduksjon til musikkterapiteori i historisk og kulturell kontekst, med vekt på korleis teori har vore knytt til ulike musikk-, menneske- og kunnskapssyn og til ulike praksisformer og forskningstradisjonar.

*Musikkterapiens tverrfaglege tradisjonar*

I eit systematisk perspektiv blir musikkterapiens relasjon til andre akademiske fag som medisin, psykologi, musikkvitenskap, kultur- og samfunnsvitenskapane, og til kunstnerisk utviklingsarbeid presentert og diskutert.

*Skriveseminar*

Gjennom semesteret vert det arrangert kortare skriveseminar som del av undervisninga, som ei innføring i akademisk skrivning i musikkterapi. Seminara er knytt til tre mappeinnleveringar med tilbakemelding, sjå vurderingsformer.

**Læringsutbytte**

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

*Kunnskapar**Studenten ..*

- viser forståing av dei viktigaste omgrepa, teoriane og forskningstradisjonane i musikkterapifaget

*Dugleikar**Studenten ..*

- kan reflektere over forholdet mellom teori, forskning og praksis

*Generell kompetanse**Studenten ..*

- har utvikla grunnleggjande dugleik i akademisk skrivning, med evne til å presentere og vurdere musikkterapeutisk teori

**Krav til forkunnskapar**

Gjennomført og bestått MUTP100 / Innføring i musikkterapi.

**Tilrådde forkunnskapar**

Ingen

**Studiepoengsreduksjon**

Ingen

**Krav til studierett**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi ved UiB.

**Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Ca. 12 forelesingar med variert undervisningsform som samarbeid i gruppe og sjølvstendige skriftlege arbeid.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar fleire komponentar/kurs.

Fråvær på meir enn 20 % i ein eller fleire av komponentane i emnet fører normalt til tap av eksamensrett.

**Obligatoriske arbeidskrav:**

Innlevering av to oppgåver kvar på 2000 ord.

Første tekst skal vere knytt til komponenten *Sentrale teoriar og omgrep i musikkterapien*.

Andre tekst skal vere knytt til komponenten *Musikkterapiens tverrfaglege tradisjonar*.

Det blir gitt tilbakemelding på kvar tekst.

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen.

**Vurderingsformer**

Ei skriftleg oppgåve. Studenten vel sjølv ei av dei to tekstane (sjå obligatoriske arbeidskrav) som leveres til endelig vurdering. Oppgåva skal vere på omlag 2000 ord.

Minst to sensorar der ein av dei skal vera ekstern.

**Karakterskala**

Bokstavkarakterar frå A til F.

**Vurderingssemester**

Vår

**Litteraturliste**

Pensum er på ca. 700 sider. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

**Emneevaluering**

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

**Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

**Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[Studieveileder@kmd.uib.no](mailto:Studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf 55 58 69 50

## Emnekode MUTP104

### Namn på emnet, nynorsk/ bokmål

MUTP104 / Musikkering (Musicking)

### Namn på emnet, engelsk

MUTP104 / Musicking

### Studiepoeng, omfang

10 stp

### Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

### Fulltid/deltid

Fulltid

### Undervisningsspråk

Norsk

### Undervisningssemester

Vår

### Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

### Mål og innhald

Emnet gir ei praktisk og teoretisk innføring i musicking, her kalla musikkering. Omgrepet musicking vart konstruert av Christopher Small i 1998 og viser til musikk som sosial og situert aktivitet. I MUTP104 fungerer musikkering som sosial aktivitet som byggjer på ein fellesmenneskeleg kommunikativ musikalitet. Emnet byggjer òg på moglegheiter og avgrensningar i ulike musikalske tradisjonar, og på den kompetansen og preferansen som kvart einskild menneske bringer har med seg inn gjennom sine musikalske erfaringar.

Emnet inneheld to hovudkomponentar som begge inneheld både praktiske og teoretiske aspekt:

#### *Musikalsk identitet og livshistorie*

Studentane utforskar sin eigen musikalske identitet og livshistorie, gjennom arbeid med ein musikalsk sjølvbiografi der øving på og kjennskap til eigne instrument inngår, både hovudinstrument og ulike biinstrument.

#### *Musikalsk persepsjon og praksis*

Studentane utviklar sin musikalske persepsjon og sin dugleik på instrument gjennom arbeid med å identifisere, beskrive, notere og imitere musikalsk lyd. Grunnleggjande lydelement som klang, tonehøgde og volum, og grunnleggjande musikalske element som rytme, melodi og harmoni blir sett i samanheng med dynamikk, form og arrangement. Studentane vil dessutan arbeide med grunnleggjande teknikkar for å byggje musikalske strukturar, slik som akkordrundgang (vamp), rytmisk rundgang, repetisjon, riff, tema med variasjon, modulering, drone, osv.

### Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

#### *Kunnskapar*

Studenten ..

- viser forståing av sine eigne instrument, med ei evne til å relatere dette til eigen og andre sin musikalske sjølvbiografi

#### *Dugleikar*

Studenten ..

- kan identifisere, beskrive, notere og imitere musikalsk lyd

- har vidareutvikla sin musikalske persepsjon og sin dugleik på instrument



- kan arbeide med grunnleggjande lydelement, musikalske element og formelement

#### *Generell kompetanse*

Studenten ..

- kan uttrykke seg på instrument og samhandle musikalsk
- viser evne til refleksjon om egen musikkutøving og musikalske identitet

#### **Krav til forkunnskapar**

Studenten må ha fullført MUTP100

#### **Tilrådde forkunnskapar**

Ingen

#### **Studiepoengsreduksjon**

Ingen

#### **Krav til Studierett**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi ved UiB.

#### **Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Undervisninga blir gitt i form av ca.12 førelesingar, gruppearbeid, praktiske øvingar og studentframlegg.

#### **Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar fleire komponentar/kurs.

Fråvær på meir enn 20 % i ein eller fleire av komponentane i emnet fører normalt til tap av eksamensrett.

Obligatorisk arbeidskrav: I løpet av semesteret skal kvar student gjennomføre ein presentasjon på 15 minutt, med utgangspunkt i komponenten Musikalsk identitet og livshistorie. Presentasjonen skal innehalde eit munnleg framlegg om eiga musikalske livshistorie og ei framføring på eige instrument knytt til dette.

Kvar student skal gjennom semesteret ha levert inn minimum eitt gruppearrangement av eit musikkstykke som førebuing til eksamen.

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen.

#### **Vurderingsformer**

Mappeinnlevering: Mappa skal innehalde:

- a) Eit refleksjonsnotat om studentens arbeid med musikalsk identitet og livshistorie gjennom semesteret. Notatet må innehalde minimum 3 eksempel frå prosessen, og skal vere på ca. 2000 ord.
- b) Som supplement til refleksjonsnotatet, ei samling lyd- eller videoopptak på til saman ca. 15 minutt. Denne kan innehalde munnlege innlegg, lydeksempel og/eller film knytt til musikalsk identitet og livshistorie.
- c) Eit gruppearrangement av eit musikkstykke.

Alle skriftlege arbeids skal ha 1,5 linjeavstand og 12 pkt. skrift.

Intern sensur med minst to sensorar.

Dei ulike eksamensdelar vert vekta likt.

#### **Karakterskala**

Greidd/Ikkje greidd

#### **Vurderingssemester**

Vår

#### **Litteraturliste**

Pensum er på ca. 700 sider. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

**Emneevaluering**

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

**Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

**Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet - Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[Studieveileder@kmd.uib.no](mailto:Studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf 55 58 69 50

## Emnekode MUTP105

### Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP105 / Samspel i musikkterapigrupper / Samspill i musikkterapigrupper

### Namn på emnet, engelsk

MUTP105 / Ensembles in Music Therapy Groups

### Studiepoeng, omfang

10 stp.

### Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

### Fulltid/deltid

Fulltid

### Undervisningsspråk

Norsk

### Undervisningssemester

Vår

### Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

### Mål og innhald

Emnet gjev ei innføring i musikalsk samspel, med vekt på samspelsformer som kan fungere sosialt i brukssituasjonar som er aktuelle i musikkterapien. Det er tre hovudkomponentar i emnet:

#### *Arrangering og samspel i musikkterapigrupper*

Kurset fokuserer på arbeid med samspel i grupper, både for at studentane skal få høve til å bruke eigne instrument og for at dei skal få røynsle med og dugleik i å arrangere for varierte besetningar og sjangrar. Studentane skal utvikle eigen musikalitet og musikkfaglege forståing og lære å arrangere og komponere for brukssituasjonar som kan vere relevante i musikkterapeutisk praksis. Kurset gjev repertoarkunnskap og kompetanse i arrangering og komponering for grupper, med utgangspunkt i aktuelle besetningar i studentgruppa, både konvensjonelle og ukonvensjonelle.

#### *Musikkteknologi og utstyr for musikkterapigrupper*

Kurset skal gje studentane ei grunnleggjande innføring i musikkteknologi og utstyr, med vekt på forsterkarutstyr, miksepultar, opptaksutstyr, datateknologi og programvare.

#### *Konsertproduksjon*

Kurset skal gje studentane forståing av kva ein konsertproduksjon inneber (førebuing av lyd og lys, opprigg, nedrigg, presse, repertoarliste, osv.).

### Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskapar:

#### *Studenten ..*

- viser kunnskap om ulike musikk-sjangrar, ulike besetningar, grunnleggjande arrangerings-teknikkar, og om relevant musikk-teknologi

#### *Dugleikar*

#### *Studenten ..*

- har tileigna seg grunnleggjande dugleik i samspel, arrangering, musikkteknologi, og konsertproduksjon

#### *Generell kompetanse*

#### *Studenten ..*

- har utvikla ein allsidig samspels-kompetanse og sjangerforståing, slik at dei kan nyttiggjere seg undervisninga på andre musikkrelaterte emne i studiet, delta musikalsk i praksis-undervisninga på studiet og kvalifisere seg til å engasjere menneske i helsefremjande musikalsk praksis

**Krav til forkunnskapar**

Fullført og bestått MUTP100

**Studiepoengsreduksjon**

Ingen

**Krav til Studierett**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi ved UiB.

**Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Undervisninga blir gitt i form av praktiske øvingar, gruppearbeid og førelesingar. Det er viktig at undervisninga blir sett i samanheng med dei arbeidsmåtar som studentane møter i praksis. Det er forventa at studenten deltar aktivt i undervisninga, gjennom musisering i undervisningstimane og gjennom framlegging og utprøving av eigne arrangement og komposisjonar. Det er vidare forventa at ein kan arbeide med såkalla «rotasjon», der studentane vekslar mellom å spele ulike instrument under utprøving og gjennomspeling av arrangement.

Det blir forventa at studentane sjølve etablerer og driv band og/eller samspelsensemble og at dei opptre med desse i relevante samanhengar, som t.d. huskonsertar på musikkterapistudiet.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar fleire komponentar/kurs.

Fråvær på meir enn 20 % i ein eller fleire av komponentane i emnet fører normalt til tap av eksamensrett.

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen.

**Vurderingsformer**

Samspelseksamen i form av ein konsert i gruppe på 4-6 studentar, 20 minutt.

a) Saman skal studentane på førehand:

- planlegge, førebu og invitere til konsert, lage eit program, førebu lyd og lys og gjennomføre nødvendig opprigg og nedrigg.

Under konserten skal kvar student:

- leie minimum ein av dei aktivitetane eller samspelsarrangementa gruppa vel å framføre.
- dokumentere musikalsk breidde ved å vere aktiv på minimum tre instrument, der hovudinstrument, stemme og minimum eitt bandinstrument inngår.
- ha arrangert eller komponert minimum eitt av arrangementa.

b) Kvar student legg fram ei kort skriftleg orientering på maksimum 600 ord, med oversyn over dei ulike roller studenten har hatt i dei ulike komponentane i planleggingsprosessen og eksamensprogrammet.

Det blir ei heilskapleg vurdering.

Intern sensur med minst to sensorar.

**Karakterskala**

Greidd/Ikkje greidd

**Vurderingsssemester**

Vår

**Litteraturliste**

Pensum er på ca. 200 sider. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

**Emneevaluering**

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

**Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

**Administrativt ansvarleg**

Fakultet for kunst, musikk og design v/Griegakademiet - Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[Studieveileder@kmd.uib.no](mailto:Studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf 55 58 69 50

## Emnekode MUTP111 (valemne)

### Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP111 / Musikk og hjerne

### Namn på emnet, engelsk

MUTP111 / Music and the Brain

### Studiepoeng, omfang

15

### Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

### Fulltid/deltid

Fulltid

### Undervisningsspråk

Norsk

### Undervisningssemester

Haut

### Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

### Mål og innhald

Emnet gjev ein introduksjon til korleis hjernen handsamar musikk, dvs. dei fysiologisk prosessane i hjernen som ligg til grunn for menneskeleg musikalitet. Ein vil og vise korleis langvarig bruk av og øving på musikk kan endre hjernen. Her vil omgrepet nevroplastisitet stå sentralt. Siste del av kurset vil omhandle kva konsekvensar dette kan ha for bruk av musikk for læring og kognisjon og for musikkterapi i medisinske kontekstar.

#### *Innføring i musikkens fysiologi*

Kurset gjev ei innføring i basal hjerneanatomy og -fysiologi med relasjon til korleis hjernen handsamar auditiv informasjon. Ein vil relatere dette til velkjente akustiske prinsipp og vise korleis hjernen oppfattar og handsamar ulike aspekt av musikken som melodi, pitch (tonehøgde), timbre (klang/akkordanalyse, rytme, osv. Ved hjelp av denne kunnskapen vil ein vise korleis hjernen kan la seg lure (auditive illusjonar), men og korleis dei same prosessane ligg til grunn for improvisasjon og kreativitet. Ein vil vidare leggje vekt på korleis hjernens sensitivitet for rytme, rørsle og emosjonelle uttrykk er ein viktig føresetnad for mellommenneskeleg kommunikasjon, både i vårt første leveår og seinare i livet.

#### *Musikk og nevroplastisitet*

Kurset gjev ei innføring i dei kognitive og emosjonelle prosessane som musikk set i gang i hjernen og vil gjennomgå dei fysiske endringar (t.d. vekst av motoriske, auditive og andre område i hjernen) som dette medfører. Ein vil vidare gjennomgå kva konsekvensar dette har for andre relaterte kognitive prosessar, slik som handsaming av auditiv informasjon generelt, språk, motoriske ferdigheiter og generelle kognitive prosessar. Ein vil og gjennomgå korleis denne plastisiteten ved overlæring kan føre til uheldige endringar med konsekvensar som musikardystoniar.

#### *Korleis kan musikkens fysiologi og nevroplastisitet nyttast?*

I siste del av kurset vil ein gå inn på korleis bruk av musikk kan gje positive "biverknader" for ulike kognitive prosessar som kan vere til nytte innan læring og utvikling av språk og sosiale ferdigheiter. Musikarar får t.d. betre evne til å kjenne igjen emosjonar i stemme og språkleg kommunikasjon. Musikken har og ei eiga evne til å skape fellesskapskjensle som kan vere viktig for sosiale dugleikar og kan ha vore ein viktig evolusjonsmessig årsak til vår musikalitet. Ein vil og diskutere implikasjonar for bruk av musikk innan behandling og rehabilitering av nevrologiske sjukdommar.

**Læringsutbytte**

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

*Kunnskapar*

Studenten har elementær kunnskap om korleis hjernen handsamar musikk og korleis dette påverkar hjernen. Studenten kjenner til sentral forskning innanfor det nevromusikkvitskaplege fagområdet, med særleg vekt på nevroplasticitet og dei fysiologiske prosessane i hjernen som ligg grunn for menneskeleg musikalitet. Studenten kan relatere dette til korleis musikk kan vere til hjelp for læring, utvikling og nevrorehabilitering.

*Dugleikar*

Studenten kan finne fram til, vurdere og bruke fagleg kunnskap om musikk og hjerne. Studenten kan vidare relatere den elementære kunnskapen om korleis hjernen handsamar musikk og korleis dette påverkar hjernen til korleis musikk kan vere til hjelp for friske og sjuke/skadde hjernar og for musikkterapi i medisinske kontekstar.

*Generell kompetanse*

Studenten kan formidle sentralt fagstoff skriftleg og munnleg.

**Krav til forkunnskapar**

Ingen

**Tilrådde forkunnskapar**

Ingen

**Studiepoengsreduksjon**

Ingen

**Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Emnet er ope for studentar med studierett ved UiB.

Dette emnet er eit valemne for studentar i det integrerte masterprogrammet i musikkterapi, men er også ope for studentar som ikkje er tatt opp til dette programmet, t.d. studentar innan psykologi, ulike helsefag, utøvande musikk, musikkpedagogikk og musikkvitskap.

**Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Undervisninga vil i hovudsak skje i form av førelesingar (med videoeksempel osv.), supplert av gruppeoppgåver. Arbeid med emnet krev evne til sjølvstendig tileigning av pensumlitteratur og evne til munnleg og skriftleg drøfting og analyse i lys av pensumlitteraturen. Som førebuing til eksamen blir desse dugleikane oppøvde gjennom diskusjonar, studentpresentasjonar, skriftlege oppgåver og heimearbeid.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk. Det er ein føresetnad at obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen. Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett.

**Vurderingsformer**

Sju dagars heimeeksamen. Ei skriftleg oppgåve på 3500-4000 ord, litteraturliste og vedlegg kjem i tillegg. Linjeavstand 1,5 og 12 pkt. skrift.

Minst to sensorar kor ein skal vera ekstern.

**Karakterskala**

Bokstavkarakterar, A - F

### **Vurderingssemester**

Haust.

### **Litteraturliste**

Pensum er på ca. 1000 sider. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

### **Emneevaluering**

Det blir gjennomført evaluering i form av spørjeskjema. Ein skriftleg rapport blir utarbeidd.

### **Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

### **Emneansvarleg**

### **Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

### **Kontaktinformasjon**

[Studieveileder@kmd.uib.no](mailto:Studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf; 55 58 69 50



## Emnekode MUTP200 (valemne)

**Namn på emnet, nynorsk/bokmål**

MUTP200 / Basisinstrument musikkterapi

**Namn på emnet, engelsk**

MUTP200 / Basic instrument, Music Therapy

**Studiepoeng, omfang**

15

**Studienivå (studiesyklus)**

Bachelor

**Fulltid/deltid**

Fulltid

**Undervisningsspråk**

Norsk

**Undervisningssemester**

Haust

**Undervisningsstad**

Griegakademiet – Institutt for musikk

**Mål og innhald**

Emnet skal gje studenten eit betre kunstnarleg og teknisk fundament for kreativ, allsidig og sjølvstendig arbeid som musikkterapeut. Emnet MUTP200 skal utvikle ferdigheiter, kunnskap og formidlingsevne i song eller på instrument.

**Læringsutbyte**

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

*Kunnskapar*

Studenten kjenner hovudinstrumentets grunnrepertoar.

*Dugleikar*

Studenten kan kunne framføre eit grunnleggjande repertoar på sitt instrumentet.

*Generell kompetanse*

Studenten har utvikla evne til musikalsk formidling.

**Krav til forkunnskapar**

Emnet er normalt eit tilbod som valemne til studentar på Femårig integrert masterprogram i musikkterapi. Søknadsfrist for opptak er 15. april. Emnet har opptaksprøve: 10 min sjølvvalt repertoar.

**Tilrådde forkunnskapar**

Ingen

**Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

**Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Emnet fokuserer på:

- eigne evner som utøvar
- instrumentkunnskap/stemmefysiologi
- interpretasjons- og repertoarkunnskap

Eigne evner som utøvar:

Studenten skal utvikle grunnleggjande teknisk og musikalsk ferdigheit gjennom individuell rettleiing, eiga øving og samspel.

Instrumentkunnskap/stemmefysiologi:

Studenten skal få kjennskap til konstruksjonen/fysiologien, verkemåten til instrumentet/stemmen.  
Det vert vist til relevant litteratur.

Fellestimar relatert til instrument/instrumentfamilie.

Det inngår ingen akkompagnatørressurs i emnet.

### **Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar:

- Individuell rettleiing

Repertoarkrav:

Studenten skal innstudere minst 20 min. repertoar, der 10 min er ensemblespel.

Gjennomgått repertoar og eksamensprogram skal vere dokumentert på eige skjema og godkjent av faglærar innan 15. november

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske arbeidskrav er gjennomført og godkjent før eksamen.  
Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett.

### **Vurderingsformer**

Eksamen vert gjennomført som ei konsertframføring av eit repertoar på 10 - 15 min.

Intern sensur med minst to sensorar.

### **Karakterskala**

Greidd/Ikkje greidd

### **Vurderingssemester**

Haust

### **Litteraturliste**

Individuelt pensum blir utarbeid.

### **Emneevaluering**

Det blir gjennomført evaluering i form av spørjeskjema. Ein skriftleg rapport blir utarbeidd.

### **Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

### **Administrativt ansvarleg**

Fakultet for kunst, musikk og design v/Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

### **Kontaktinformasjon**

[studieveileder@kmd.uib.no](mailto:studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf. 55 58 69 50

## Emnekode MUTP202

### Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP202 / Samfunnsmusikkterapi

### Namn på emnet, engelsk

MUTP202 / Community Music Therapy

### Studiepoeng, omfang

15

### Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

### Fulltid/deltid

Fulltid

### Undervisningsspråk

Norsk

### Undervisningssemester

Vår

### Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

### Mål og innhald

Emnet gjev ein introduksjon til musikkterapi i eit økologisk og samfunnsorientert perspektiv og inneheld fire hovudkomponentar:

#### *Samfunnsmusikkterapeutisk teori og forskning*

Kurset gjev eit oversyn over dei kontekstorienterte og økologiske perspektiv som pregar samfunnsmusikkterapien og over sentral forskning på feltet. Teoretisk omfattar dette tema som person i kontekst, deltaking, framføring, sosiale nettverk og sosial kapital, musikk- og helseomgrep i sosiokulturelt perspektiv og førebyggjande og helsefremmande arbeid gjennom musikk. Definisjonar av samfunnsmusikkterapi, ulike teoretiske perspektiv og døme på prosjekt frå ulike sosiale og kulturelle kontekstar blir også gjennomgått. Andre sentrale tema er makt, brukar-medverknad, sjølvforvaltning, empowerment, sjølvhjelp og inkludering/marginalisering, forstått i lys av dokument som menneskerettane og barnekonvensjonen.

#### *Praktiske arbeidsmåtar*

Kurset gjev ein introduksjon til sentrale arbeidsmåtar som har vist seg relevante i samfunnsmusikkterapien. Dette omfattar alt frå opne miljøtiltak til ulike integreringsprosjekt i eit lokalmiljø. Følgjande aktivitetsformer vil særleg bli vektlagde: opne og improvisasjonsorienterte musikkgrupper, samspel i band, korarbeid, musikkspel og revy, musikkafé, framføring og konsertverksemd. Ved sidan av det konkrete musikkarbeidet, vil det også bli fokusert på indirekte og systemorientert arbeid, t.d. i høve til organisasjonar, lokalsamfunn, kultur, politikk og økonomi.

#### *Praksis*

Blokkpraksis i 6. semester (2-4 studentar per praksisplass) er definert som eit samfunnsmusikkterapeutisk prosjekt, for eksempel med fokus på forarbeid, gjennomføring og etterarbeid i høve til eit framførings-, samarbeids- eller innspelingsprosjekt. Hovedtyngda av praksis foregår i ein blokkperiode de esiste fire vekene (60 timer) før påske, men delar av prosjektet kan etter avtale gjennomførast før eller etter denne perioden. Denne praksisperioden skal gi studenten erfaringar med samfunnsmusikkterapeutiske arbeidsmåtar, samtidig som dei får større ansvar med meir forventning om sjølvstendig innsats enn det som var aktuelt i den første praksisperioden i 3. semester. Med 2-4 studentar per praksisprosjekt oppstår det også behov for og høve til å vektlegge, arbeide med og reflektere over samarbeidsprosessar.

#### *Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe*

Målet med dette kurset er å gje studentane grunnleggjande kommunikativ kompetanse for arbeid med menneske, å utvikle studentane si evne til å registrere og beskrive sosialt samspel og å utvikle ei betre forståing av kva som ligg i terapeutisk identitet og rolle. Kurset omfattar m.a.

kontakt- og samarbeidsøvingar og grunn trening i å vere nærverande, å merke egne og andre sine grenser, og å vere sentrert i kontakt med andre menneske. Kurset byggjer vidare på tilsvarande kurs på MUTP201.

### **Læringsutbyte**

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

#### *Kunnskapar*

Studenten har god kunnskap om samfunnsmusikkterapeutisk teori og praksis.

#### *Dugleikar*

Studenten forstår musikken sin funksjon i samfunnet og har ei konstruktiv og etisk haldning til bruk av musikk som helsefremjande verkemiddel.

#### *Generell kompetanse*

Studenten kjenner til korleis musikkarbeidet kan inngå i kulturelle og sosiale nettverk. Studenten er fortruleg med brukarmedverknad, sjølvforvaltning og inkludering.

### **Krav til forkunnskapar**

Opptak på det integrerte masterprogrammet og fullført MUTP101 / Innføring i musikkterapi

### **Tilrådde forkunnskapar**

Ingen

### **Studiepoengsreduksjon**

Ingen

### **Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

### **Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Undervisninga blir lagt opp med varierte undervisningsformer med tanke på integrasjon av teoretisk og praktisk-metodisk kunnskapsstoff. Undervisninga blir gitt som førelesingar, gruppearbeid, diskusjonar og dessutan ei verkstadsform med fokus på å tileigne seg, prøve ut, få rettleiing på og vidareutvikle praktisk-metodisk dugleik i samfunnsmusikkterapi. Seminara i Relasjons- og kommunikasjonserfaring fokuserer på deltaking, eigenerfaring og refleksjon i gruppa.

Praksis blir vanlegvis konsentrert til ein prosjektperiode på 4 veker eit stykke ut i semesteret. Praksis kan skje både på dagtid, kveldstid og i helger, eller i samband med framføringar, prosjekt, osv. Praksis vil ha kontinuerlig rettleiing. Det skal skrivast ein kort praksisrapport. Det er ein eigen mal for praksisrapport. Rapporten skal godkjennast av praksislærer.

### **Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar:

- 60 timar praksis med rettleiing
- Førestilling (eller alternative former som t.d. ei plateinnspeling eller ein filmproduksjon) som er knytt til praksisprosjektet i emnet.
- Ei praktisk-metodisk arbeidsbok skal utarbeidast. Omfanget av arbeidsboka er på ca. 10 songar eller 10 aktivitetar.
- Deltaking Relasjons- og Kommunikasjonserfaringsgruppe

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er godkjende før oppmelding til eksamen. Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett.

**Vurderingsformer**

Eksamen er eit foredrag på 20-30 minutt. Kandidaten gjer greie for relevante aspekt av planlegging, gjennomføring og evaluering av praksisprosjektet i høve til samfunnsmusikkterapeutisk teori.

Intern sensur med minst to sensorar.

**Karakterskala**

Greidd/Ikkje greidd

**Vurderingssemester**

Vår

**Litteraturliste**

Pensum er på ca. 750 s. I tillegg kjem metodisk materiale som studenten tileignar seg eit nærare bestemt utval i frå og samlar i ei arbeidsbok.

**Emneevaluering**

Det blir gjennomført evaluering i form av spørjeskjema. Ein skriftleg rapport blir utarbeidd.

**Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

**Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[studieveileder@kmd.uib.no](mailto:studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf 55 58 69 50

## Emnekode MUTP205

### Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP205 / Innføring i musikkterapeutisk praksis

### Namn på emnet, engelsk

MUTP205 / Introduction to music therapy practice

### Studiepoeng, omfang

15 stp.

### Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

### Fulltid/deltid

Fulltid

### Undervisningsspråk

Norsk

### Undervisningssemester

Vår

### Mål og innhald

Emnet har som mål å gje ei innføring i musikkterapeutisk praksis og aktuelle arbeidsfelt. Emnet skal gje forståing av musikkterapeutens arbeid i eit tverrfaglig team og i forskjellige kontekstar i samfunnet og helsevesenet.

Emnet omfattar fem hovudkomponentar:

#### *Musikkterapeutisk praksis*

Innføring i arbeidsformer og musikkterapiprosessar i ulike arbeidsfelt, med vekt på relasjonen mellom terapeut og brukar/pasient og på musikkterapi som sosial og situert praksis

#### *Refleksivitet*

Introduksjon til profesjonalitet og yrkesetikk (teieplikt, konfidensialitet, rettleiing, og loggskriving)

#### *Kommunikasjon og samarbeid*

Introduksjon til tverrfagleg samarbeid og tverretatleg samhandling

#### *Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe*

Målet med dette kurset er å gje studentane grunnleggjande kommunikativ kompetanse for arbeid med menneske, å utvikle studentane si evne til å registrere og beskrive sosialt samspel og å utvikle ei gryande forståing av kva som ligg i terapeutisk identitet og rolle. Kurset omfattar m.a. kontakt- og samarbeidsøvingar og grunn trening i å vere nærverande, å merke egne og andre sine grenser.

#### *Punktpraksis*

Viser til Arbeidshefte for praksis.

### Læringsutbyte

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

#### *Kunnskap*

Studenten viser grunnleggjande forståing av forskjellige praksisområde i musikkterapi.

Studenten viser elementær forståing av musikkterapi i ein tverrfagleg og systemisk kontekst

elementær forståing av yrkesrolle og profesjonalitet

#### *Dugleikar*

Studenten viser evne til å observere og rapportere om musikkterapeutisk praksis.

Studenten demonstrerer ei grunnleggjande profesjonell haldning.

#### *Generell kompetanse*

Studenten har forståing av musikkterapeutisk praksis og rolle i forskjellige praksissamanhengar.

Studenten har evne til å reflektere over eiga forståing og eigen læringsprosess og over framtidige roller som profesjonsutøvar.

**Krav til forkunnskapar**

Gjennomført og bestått MUTP100, MUTP103, MUTP104, MUTP105

**Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

**Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Ca. 12 forelesninger med variert undervisningsform. som til dømes case-presentasjonar; workshops (prosjekt); seminar i praksisskriving (rapportar, logg)

**Obligatorisk undervisningsaktivitet**

Obligatoriske arbeidskrav:

All undervisning er obligatorisk og omfattar fleire komponentar/kurs:

- Loggskrivning med fokus på læringsprosess
- 3 skriftlege tekstar, kvar på ca. 1000 ord.
  - Målgruppe: ei observasjonsoppgåve
  - Refleksivitet: ein refleksjon over yrkesutøving i praksis
  - Kommunikasjon og samarbeid: ei beskriving av praksisplass med fokus på tverrfagleg verksemd.
- Ei praktisk-metodisk arbeidsbok med 10 aktivitetar skal utarbeidast
- Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe
- Praksis med rettleiing og innlevering av praksisrapport

Fråvær på meir enn 20 % i ein eller fleire av komponentane i emnet fører normalt til tap av eksamensrett.

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen.

**Vurderingsformer**

Ei individuell skriftleg oppgåve basert på dei tre skriftlege arbeida gjennom semesteret. Den innleverte oppgåva skal vere på om lag 3000-4000 ord. Litteraturliste og vedlegg kjem i tillegg. Linjeavstand 1,5 og 12 pkt. skrift.

Oppgåva skal ta utgangspunkt i tema og problemstillingar knytt til praksis.

Den endelige oppgåva blir vurdert i si heilheit.

Ekstern sensur med to sensorer.

**Karakterskala**

Bokstavakarakter A-F

**Vurderingssemester**

Vår

**Litteraturliste**

Pensum: ca. 700 sider.

**Emneevaluering**

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

**Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

**Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[Studieveileder@kmd.uib.no](mailto:Studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf; 55 58 69 50

## Emnekode MUTP206

### Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP206 / Musikkterapeutisk teoriutvikling

### Namn på emnet, engelsk

Theory development in music therapy

### Studiepoeng, omfang

10 stp.

### Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

### Undervisningsspråk

Norsk

### Undervisningssemester

Vår

### Mål og innhald

Emnet har som mål og gje ei fordjuping i musikkterapeutisk teori, med særleg vekt på musikkterapeutisk teoriutvikling i academia og i praksisfeltet.

Det er fire hovudkomponentar i emnet:

#### *Musikkterapeutiske grunnlagsproblem*

Kurset gjev ei fordjuping i musikkterapiteori i historisk og kulturell kontekst, med vekt på korleis teori og praksisformer er knytt til ulike musikk-, menneske- og kunnskapssyn.

#### *Bruk og utvikling av musikkterapeutisk teori*

Kurset tar opp teoriutvikling innan musikkterapien, med drøfting av ulike teoritypar og strategiar for bruk og utvikling av teori. Kurset inneheld også ein kritisk gjennomgang av nyare musikkterapeutisk teori og forskning.

#### *Skriveseminar*

Arbeid med litteratur og skriveprosess av relevans for studentane sitt arbeid med artikkel eller essay.

#### *Bibliotekskurs*

### Læringsutbyte

Ved avslutta emne skal studenten ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

#### *Kunnskapar*

Studenten har fordjupa oversikt over og forståing av musikkterapiteori i historisk og kulturell kontekst, med vekt på korleis teori er knytt til ulike musikk-, menneske- og kunnskapssyn.

#### *Dugleikar*

Studenten kan reflektere kritisk over forholdet mellom ulike teoritypar, metodar for teoriutvikling, og strategiar for bruk av teori

#### *Generell kompetanse*

Studenten har utvikla dugleik i akademisk skrivning, og kan presentere, vurdere og utvikle teoretiske argument.

### Krav til forkunnskapar

Gjennomført og bestått MUTP100, MUTP 102, MUTP103, MUTP104, MUTP105, og MUTP205

### Studiepoengsreduksjon

Ingen



**Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi.

**Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Ca. 12 forelesninger inklusiv skriveseminar, gruppearbeid, sjølvstendig munnleg framlegg og skriftlege arbeid.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar munnlege og skriftlege oppgåver:

- Innlevering av to tekstar som kvar student utarbeider sjølvstendig:
  - Ein korttekst tidleg i semesteret, på ca. 1 side, med presentasjon og diskusjon av ein teoretisk artikkel, essay eller annan fagtekst.
  - Eit tekstutdrag på ca. 3 sider, levert inn til skriveseminaret, som del av arbeidet med semesteroppgåva.
- Skriveseminar
- Rettleiing av semesteroppgåve, totalt 2,5 timar per student
- Eit munnleg framlegg med presentasjon og vurdering av utvald teoretisk artikkel, essay eller annan fagtekst
- Bibliotekskurs

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen.

**Vurderingsformer**

Semesteroppgåve: Kandidaten leverer eit sjølvstendig skriftleg arbeid på ca. 6000 ord; ca. 18 sider, linjeavstand 1,5 og 12 pkt. skrift. Litteraturliste og vedlegg kjem i tillegg. Oppgåva har sjølvvald tema og problemstilling, men skal vere klart relatert til musikkterapeutisk teoriutvikling og dokumentere evne til fordjuping og sjølvstendig kritisk vurdering, jf. beskriving av mål, innhald og læringsutbyte. Formelle krav: Teksten kan skrivast på norsk eller engelsk (etter søknad eventuelt også på andre språk). Oppgåva skal ha eit samandrag (abstract) på engelsk på 100-200 ord.

Ekstern sensur med to sensorer.

**Karakterskala**

Bokstavkarakterar, A – F

**Vurderingssemester**

Vår

**Litteraturliste**

Pensum er på ca. 700 sider. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

**Emneevaluering**

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

**Programansvarleg**

Programutvalet har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

**Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[Studieveileder@kmd.uib.no](mailto:Studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf 55 58 69 50

## Emnekode MUTP207

### Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP207 / Kreativ stemmebruk i musikkterapi

### Namn på emnet, engelsk

MUTP207 / Creative vocal practice in music therapy

### Studiepoeng, omfang

5 stp.

### Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

### Fulltid/deltid

Fulltid

### Undervisningsspråk

Norsk

### Undervisningssemester

Vår

### Mål og innhald

Emnet har som mål å gje grunnleggjande kunnskap om stemmas fysiologi og om samanhengar mellom kropp, pust og stemme.

Emnet fokuserer på kreativ vokalpraksis i musikkterapi, gjennom utvikling av varierte vokale kvalitetar, auditiv sensitivitet, vokal reseptivitet og stamina.

Studentar arbeider i løpet av emnet med to sjølvvalde vokalstykker, basert på begge to, repertoar og på vokal improvisasjon.

Stemma blir sett i denne samanheng på som et bruksinstrument.

### Læringsutbytte

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

#### *Kunnskapar*

Studenten...

- viser grunnleggjande kunnskap om stemmas fysiologi og stemmebruk
- viser grunnleggjande kunnskap for musikalsk interaksjon ved bruk av stemma og ulike vokale lydar og lyd-kvalitetar.

#### *Dugleikar*

Studenten...

- kan bruke stemma si fleksibelt og i forskjellige vokale uttrykk
- kan tilpasse bruken av stemma til ulike musikkterapisituasjonar med enkeltpersonar og grupper

#### *Generell kompetanse*

Studenten..

- har ei brei forståing av stemma si rolle i mellommenneskeleg kommunikasjon og interaksjon

### Krav til forkunnskapar

Fullført og bestått MUTP102

### Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

### Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Undervisninga er organisert i ca. tre førelesingar/workshops.

### Obligatorisk undervisningsaktivitet

All undervisning er obligatorisk.

Kvar student skal i løpet av emnet arbeide sjølvstendig med to utvalde vokalstykkje, eitt basert på repertoar og eitt basert på vokal improvisasjon.

Fråvær på meir enn 20 % i ein eller fleire av komponentane i emnet fører normalt til tap av eksamensrett.

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen.

### **Vurderingsformer**

Munnleg eksamen i grupper på to til fire personar. Førebuing og framføring av to til fire vokalstykkje, med utgangspunkt i dei stykka studentane har arbeidd med gjennom semesteret. Kvar student vel eit stykke for dette samarbeidet. Framføringa skal dokumentere at studentane har arbeidd med den fleksible stemmebruken som musikkterapi føreset og skal gje rom for både improvisasjon og framføring av repertoar.

Lengde på eksamen per studentgruppe ca. 15-20 minutt.

Intern sensur med minst *ein* sensor.

### **Karakterskala**

Greidd/ikkje greidd

### **Vurderingssemester**

Vår

### **Litteraturliste**

Pensum: ca. 100 sider

### **Emneevaluering**

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

### **Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

### **Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet

### **Kontaktinformasjon**

[Studieveileder@kmd.uib.no](mailto:Studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf 55 58 69 50

## Emnekode MUTP300

### Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP300 / Musikkterapi i barn og unges oppvekst

### Namn på emnet, engelsk

MUTP300 / Music therapy in childhood and adolescence

### Studiepoeng, omfang

15 stp.

### Studienivå (studiesyklus)

Master

### Fulltid/deltid

Fulltid

### Undervisningsspråk

Norsk

### Undervisningssemester

Haust

### Mål og innhald

Emnet gjer eit overblikk over relevant teori i arbeid med barn og unge, med fokus på individ- og samfunnsorienterte perspektiv. Kurset gir også oversikt og innblikk i lover og retningslinjer som regulerer arbeidet. Det blir dessutan gitt innføring i forskning og forskingsmetoder som er aktuell for feltet.

#### *Praktisk-metodiske arbeidsmåtar*

Kurset inneheld innføring og bruk av arbeidsmåtar knytt til dei ulike områda og målgruppene som inngår i kurset. Dette gjeld bruk av individuelle og miljøorienterte tilnærmingar. Studentane skal lære grunnleggjande ferdigheiter i høve til ulike musikkterapeutiske arbeidsprosessar knytt til feltet barn og unges oppvekst.

### Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

#### *Kunnskapar*

Studenten...

- har kunnskap om ulike målgrupper, målsetjingar, modellar og arbeidsmåtar innan feltet barn og unges oppvekst
- har kunnskap om individ- og samfunnsorienterte perspektiv på barn og unges oppvekst, tverrfagleg samarbeid og tverretatleg samhandling

#### *Dugleikar*

Studenten...

- har tileigna seg eit relevant praktisk-metodisk repertoar

#### *Generell kompetanse*

Studenten...

- har forståinga av kva det vil seie å arbeide med eit variert utval av målgrupper innan feltet barn og unges oppvekst.

### Krav til forkunnskapar

Opptak til 300-nivå av mastergradsstudiet. Unntak blir gjort for studentar på Forskingslinja.

### Studiepoengsreduksjon

MUTP201 / Musikkterapi i pedagogiske kontekstar

**Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

**Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Ca 12 forelesninger med varierte undervisningsformer.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar fleire komponentar/kurs;

- To skriftlege oppgåver á 2-3000 ord: ei knytt til individorienterte forståingsmodellar og ei knytt til samfunnsorienterte forståingsmodellar.
- Ei praktisk-metodisk arbeidsbok skal utarbeidast. Omfanget av arbeidsboka skal vere omlag 10 songar eller 10 aktivitetar.

Fråvær på meir enn 20 % i ein eller fleire av komponentane i emnet fører normalt til tap av eksamensrett.

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen.

**Vurderingsformer**

Ei skriftleg oppgåve basert på dei to skriftlega arbeida gjennom semesteret. Den innleverte oppgåva skal vere på om lag 4000-6000 ord. Litteraturliste og vedlegg kjem i tillegg. Linjeavstand 1,5 og 12 pkt. skrift

Når to eller fleire studentar skriv oppgåve saman, blir omfanget utvida med 2/3 for kvar ny medforfattar.

Ekstern sensur med minst to sensorar.

**Karakterskala**

Karakterskala A-F

**Vurderingssemester**

Haust

**Litteraturliste**

Pensum: ca. 750 sider

**Emneevaluering**

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

**Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet

**Administrativt ansvarleg**

Fakultet for kunst, musikk og design v/ Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[studieveileder@kmd.uib.no](mailto:studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf 55 58 69 50

## Emnekode MUTP302

**Namn på emnet, nynorsk/bokmål**

MUTP302 / Musikkterapeutisk improvisasjon

**Namn på emnet, engelsk**

MUTP302 / Improvisational Music Therapy

**Studiepoeng, omfang**

15

**Studienivå (studiesyklus)**

Master

**Fulltid/deltid**

Fulltid

**Undervisningsspråk**

Norsk

**Undervisningssemester**

Haust og vår

**Undervisningsstad**

Griegakademiet – Institutt for musikk

**Mål og innhald**

Emnet gjev introduksjon til og fordjuping i musikkterapeutisk improvisasjon og inneheld tre hovudkomponentar:

*Introduksjon til musikkterapeutisk improvisasjon*

Kurset gjev eit oversyn over aktuelle teori- og praksistradisjonar i musikkterapeutisk tradisjon, med vekt på skilnader i musikkomgrep, mål, format og musikalsk genretilknytning. Det vert lagt vekt på korleis improvisasjon kan knytast til teoriar om interaksjon, kreativitet, forteljing og sosial deltaking. Undervisninga tar sikte på å setje studenten i stand til å akkompagnere song- og instrumentalaktivitetar og å forme eit musikalsk uttrykk ut frå det musikalske materialet som føreligg. Konkrete deskriptive teoriar om musikkterapeutisk teknikk, spelereglar og prosedyrar for kartlegging og evaluering blir også vektlagt.

*Praktisk-metodisk fordjuping i musikkterapeutisk improvisasjon*

Arbeidet med det praktisk-metodiske kurset i musikkterapeutisk improvisasjon tar sikte på at studenten skal utvikle musikalsk og mellommenneskeleg kompetanse for musikkterapeutisk improvisasjon, kjenne til og beherske sentrale modellar innan musikkterapeutisk improvisasjon (med særleg vekt på Nordoff-Robbins), beherske prosedyrar for kartlegging og vurdering av ein musikkterapi prosess, og utvikle sin eigen improvisasjonsmetodikk med utgangspunkt i eigen musikalitet og aktuelle målgrupper og arbeidsfelt. Undervisninga byggjer vidare på tidlegare emne i studiet, der improvisasjon ofte er ein integrert komponent, slik som i MUTP102 og MUTP203, men også i MUTP101, MUTP201 og MUTP202. MUTP302 gjev rom for fordjuping i høve til arbeid med improvisasjon, med særleg vekt på dyadiske improvisasjonar i tradisjonen etter Nordoff og Robbins.

Praktisk-metodisk fordjuping i musikkterapeutisk improvisasjon omfattar eit seminar i stemmebruk.

*Bruksinstrument*

Kurset byggjer vidare på bruksinstrumentundervisninga i MUTP102. Bruksinstrument kan vere piano eller gitar, og det anbefalast at studentar undervises i sitt sterkaste bruksinstrument (gitar eller piano). Studentar som vel gitar skal arbeide både med akustisk og elektrisk gitar. Studenten skal vidareutvikle sin dugleik på følgjande område: Besifringsspel og bladspel (på gitar eventuelt spel etter tabulatur), gehørspel og transponering.

**Læringsutbyte**

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

**Kunnskapar**

- oversyn over aktuelle teori- og praksistradisjonar i musikkterapeutisk tradisjon, med vekt på skilnader i musikkomgrep, mål, format og musikalsk genretilknytning.
- kjenner til og meistrar sentrale modellar innan musikkterapeutisk improvisasjon
- meistrar prosedyrar for kartlegging og vurdering av ein musikkterapiprosess
- har utvikla sin eigen improvisasjonsmetodikk med utgangspunkt i eigen musikalitet og aktuelle målgrupper og arbeidsfelt
- kan arbeide personsentrert med musikkterapeutisk improvisasjon i relasjon til musikkterapeutiske målområde som interaksjon og kommunikasjon, uttrykk, meistring, læring og deltaking

**Dugleikar**

- meistrar prosedyrar for kartlegging og vurdering av ein musikkterapiprosess
- meistrar besifringsspel og bladspel (på gitar eventuelt spel etter tabulatur), gehørspel og transponering

**Generell kompetanse**

- kan akkompagnere song- og instrumentalaktivitetar
- forme eit musikalsk uttrykk ut frå det musikalske materialet som ligg føre

**Krav til forkunnskapar**

Opptak til 300-nivået av det integrerte masterprogrammet i musikkterapi.

**Studiepoengsreduksjon**

Ingen

**Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

**Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Undervisninga blir gitt i form av individuell undervisning, praktiske øvingar, gruppearbeid, forelesingar, demonstrasjonar og analyse av lyd- og videoband. Det er viktig at undervisninga blir sett i samanheng med dei arbeidsmåtene som studentane møter i praksis. Det er forventat at studenten deltar aktivt i undervisninga. Det blir lagt vekt på at studentane sjølve analyserer og diskuterer det som skjer i undervisninga og at dei ut i frå eit teoretisk grunnlag tileignar seg ei kritisk og analytisk haldning til musikkterapeutisk improvisasjon.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar:

- Minimum ei framlegging i undervisning av erfaringar frå bruk av improvisasjon i praksis.
- Minimum ein analyse av improvisasjon.
- Bruksinstrument: ei godkjend arbeidsbok.

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen. Fråvær på meir enn 20% fører normalt til tap av eksamensrett.

**Vurderingsformer**

Eksamen omfattar ei praktisk-munnleg prøve på 45 minutt, med to hovudkomponentar:

- a) Improvisasjonar der studenten improviserer over aktuelle "spelereglar" oppgitt av eksamenskommisjonen.
- b) Samtale der studenten reflekterer fagleg over improvisasjonane og prosessane i desse.

Dei to eksamensdelane vektas likt, og det blir gjort ei heilskapleg vurdering av kandidaten.

Minst to sensorar kor ein skal vera ekstern.

**Karakterskala**

Bokstavkarakterar, A - F

**Vurderingssemester**

Vår

**Litteraturliste**

Pensum er på ca. 500 s., med hovudvekt på litteratur om musikkterapeutisk improvisasjon. I tillegg blir det forventa at studenten brukar diverse note- og metodematerial aktivt. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

**Emneevaluering**

Det blir gjennomført evaluering i form av spørjeskjema. Ein skriftleg rapport blir utarbeidd.

**Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

**Administrativt ansvarleg**

Fakultet for kunst, musikk og design v/Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[Studieveileder@kmd.uib.no](mailto:Studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf; 55 58 69 50



## Emnekode MUTP303

### Namn på emnet, nynorsk/ bokmål

MUTP303 / Musikkterapeutisk profesjonskunnskap

### Namn på emnet, engelsk

MUTP303 / The Music Therapy Profession in Theory and Practice

### Studiepoeng, omfang

15

### Studienivå (studiesyklus)

Master

### Fulltid/deltid

Fulltid

### Undervisningsspråk

Norsk

### Undervisningssemester

Haust og Vår

### Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

### Mål og innhald

Kurset skal sikre at studenten kvalifiserer seg for god, profesjonell yrkesutøving. Til grunn for emnet ligg ei vid forståing av kunnskapsomgrep. Kunnskap omfattar erkjenning og innsikt basert på teori og forskning og politiske føringar, men inkluderer også erfaring, dugleik og danning. Musikkterapeutisk profesjonskunnskap viser seg såleis i samhandling og relasjonar, ikkje berre i språk og tekst.

Emnet inneheld tre hovudkomponentar:

#### *Innføring i profesjonskunnskap*

Kurset inneheld undervisning og gruppeoppgåver knytt til tema som: yrkesetikk, yrkesidentitet, yrkesrolle og samarbeid, formidling og rettleiing, jobbetablering, prosjektarbeid og innovasjon. Undervisning omfattar tema knyta til politiske føringar og formelle retningslinjer.

#### *Musikkterapeutisk rollespel*

Kurset gjev ei praktisk og teoretisk fordjuping knytt til musikkterapeutiske metodar og arbeidsformer med eit breitt spekter av målgrupper. Gjennom musikkterapeutisk rollespel skal studenten få høve til å prøve seg både som klient og terapeut og gjennom dette å utforske relasjonar og arbeidsformer.

#### *Bruksinstrument*

Kurset byggjer vidare på bruksinstrumentundervisninga i MUTP102 og MUTP302 og skal sjåast i samheng med andre musikkfaglege og metodiske emne og med praksis. Bruksinstrument kan vere piano eller gitar (studentar som vel gitar skal arbeide både med akustisk og elektrisk gitar). Studentar som beherskar både piano og gitar kan i samråd med studiet velje anna instrument, der trekkspel, slagverk og song vil vere aktuelle alternativ. Studenten skal vidareutvikle sin dugleik på følgjande område: Besifringsspel og bladspel (på gitar eventuelt spel etter tabulatur), gehørspel og transponering. Det blir lagt vekt på å knyte dette opp til ulike tilnærmingar til Improvisasjon. Undervisninga tar særleg sikte på å setje studenten i stand til å akkompagnere song- og instrumentalaktivitetar og å forme eit musikalsk uttrykk ut frå det musikalske materialet som føreligg.

### Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

#### *Kunnskapar*

- har inngående kunnskap om musikkterapeutiske metodar og arbeidsformer

#### *Dugleikar*

- har god innsikt i yrkesetikk, yrkesidentitet, yrkesrolle og samarbeid, formidling og rettleiing, jobbetablering, prosjektarbeid og innovasjon

#### *Generell kompetanse*

- kan kommunisere profesjonelt i yrkesutøving og i samarbeid med klientar og pårørande og tverrfaglig samarbeid med andre profesjonar  
- har djupnekompetanse på sitt bruksinstrument

#### **Krav til forkunnskapar**

Opptak til 300-nivået av det integrerte masterprogrammet i musikkterapi.

#### **Tilrådde forkunnskapar**

Ingen

#### **Studiepoengsreduksjon**

Ingen

#### **Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

#### **Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Undervisninga blir lagt opp med varierte undervisningsformer og vil inkludere førelesingar, gruppearbeid, rollespel, diskusjonar og bruksinstrumentundervisning.

#### **Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk.

Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett.

#### **Vurderingsformer**

Eksamen omfattar ein praktisk-munnleg eksamen på 45 minutt. Eksamenssituasjonen har to hovudkomponentar:

- a) Musikkterapeutisk rollespel med vekt på improvisasjon.
- b) Samtale der studenten reflekterer fagleg over rollespelet og prosessane i det. Det blir gjort ei heilskapleg vurdering av kandidaten.

Dei to eksamensdelane vektas likt.

Minst to sensorar kor ein skal vera ekstern.

#### **Karakterskala**

Bokstavkarakterar, A – F

#### **Vurderingssemester**

Vår

#### **Litteraturliste**

Pensum er på ca. 600 s og omfattar hovudsakleg tema knytt til Innføring i profesjonskunnskap. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

#### **Emneevaluering**

Det blir gjennomført evaluering i form av spørjeskjema. Ein skriftleg rapport blir utarbeidd.

#### **Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

**Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[studieveileder@kmd.uib.no](mailto:studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf 55 58 69 50

## Emnekode MUTP305

**Namn på emnet, nynorsk**

MUTP305 / Musikkterapi i helsesektoren I

**Namn på emnet, engelsk**

MUTP305 / Music therapy in the health sector – I

**Studiepoeng, omfang**

15 stp.

**Studienivå (studiesyklus)**

Master

**Fulltid/deltid**

Fulltid

**Undervisningsspråk**

Norsk

**Undervisningssemester**

Haust og vår. Undervisninga går over to semester.

**Mål og innhald**

Emnet gjev ei innføring i musikkterapi i psykisk helse- og rusarbeid og musikkterapi i medisinske kontekstar og inneheld fire hovudkomponentar, inkludert praksis:

*Innføring i musikkterapi i psykisk helse- og rusarbeid*

Kurset gjev ei innføring i musikkterapi som helsefremmande arbeid innanfor kommunesektoren og spesialisthelsetenesta i psykisk helse og rus, deriblant musikkterapi i DPS (Distriktpsikiatrisk senter), BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk) og tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelproblemer (TSB). Kurset omfattar sentral forskning og gjennomgår nasjonale retningslinjer på feltet. Teoretiske perspektiv frå ulike tradisjonar og tverrfaglege felt vil bli gjennomgått, mellom anna medisinske perspektiv på psykisk lidning og ei gjennomgang av diagnostiske termar. Kurset vil gje ei innføring i ulike musikkterapeutiske metodar som blir brukt i psykisk helse- og rusarbeid, og inkluderer både musikkterapi i individuelle settingar og arbeid med grupper. Kurset vil særleg leggje vekt på ressursorientert musikkterapi og recovery-tradisjonen. Arbeid med samtale inngår.

*Musikkterapi i medisinske kontekstar*

Kurset i Musikkterapi i medisinske kontekstar omfattar både teori, forskning og praktisk arbeid relatert til medisinske kontekstar, inklusivt sjukehusavdelingar, nevrorehabilitering og palliativ omsorg. Perspektiv frå ulike tradisjonar og tverrfaglege felt vil bli gjennomgått. Ulike tilnærmingar og arbeidsmåtar blir presenterte og det blir gitt eksempel på forskjellige typar arbeid og over sentral forskning på feltet.

*Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppe*

Relasjons- og kommunikasjonserfaringsgruppa byggjer vidare på tilsvarande kurs på MUTP202 og MUTP205 og gjev studentane høve til å arbeide vidare med kommunikativ kompetanse i arbeid med menneske, i relasjon til ei grundigare forståing av kva som ligg i terapeutisk identitet og rolle. Kurset gjev rom for erfaring med og arbeid med gruppeprosessar og med personlege prosessar knytt til erfaringar i undervisning og praksis ved studiet.

*Praksis*

Praksis i MUTP305 er fordelt på to praksisperiodar. Praksis i 7. semester omfatter 80 timar punktpraksis under rettleiing av musikkterapeut. Punktpraksis vet gjennomført i relevante helsekontekstar og/eller kontekstar knytt til barn og unges oppvekst. Blokkpraksis i 8. semester er fire vekers samanhengande praksis.

**Læringsutbytte**

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

*Kunnskapar*

Studenten kjenner til teori, forskning og musikkterapeutiske arbeidsformer som blir brukt i medisinske kontekstar og i psykisk helse- og rusarbeid.

Studenten har grunnleggjande kunnskap som er nødvendig for utøving av musikkterapi innan desse kontekstane.

*Dugleikar*

Studenten har godt utvikla dugleikar for musikkterapeutisk praksis innan kommunesektoren og spesialisthelsetenesta i psykisk helse og rus og innan medisinske kontekstar.

*Generell kompetanse*

Studenten har erfaring med individuelle terapiprosessar så vel som gruppeprosessar, og kan reflektere over personlege prosessar knytt til terapi.

Studenten har utvikla eit repertoar av musikkterapeutiske arbeidsformar som kan nyttast i dei aktuelle praksisfelt.

**Krav til forkunnskapar**

Opptak til 300-nivå i det integrerte masterprogrammet i musikkterapi.

**Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

**Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Ca. 12 forelesninger med variert undervisningsform som integrasjon av teoretisk og praktisk-metodisk kunnskapsstoff, og vil inkludere førelesingar, gruppearbeid, diskusjonar og dessutan ei verkstadsform med fokus på å tileigne seg, prøve ut, få rettleiing på og vidareutvikle praktisk-metodisk dugleik i musikkterapi.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar fleire komponentar/kurs:

- Punktpraksis i 7.semester, med rettleiing og innlevering av praksisrapport (se Arbeidshefte for praksis)
- Blokkpraksis i 8.semester, med rettleiing og innlevering av praksisrapport (se Arbeidshefte for praksis)
- Ei praktisk-metodisk arbeidsbok med 10 aktivitetar skal utarbeidast
- Relasjons- og kommunikasjonsferingsgruppe

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen. Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett.

**Vurderingsformer**

Munnleg eksamen. Foredrag på om lag 30 min som integrerer relevant teori, forskning og praksis i ein sjølvvald praksiskontekst eller med ei klientgruppe relevant for emnet.

Intern sensur med minst to sensorar

**Karakterskala**

Greidd/Ikkje greidd

## **Vurderingssemester**

Vår

## **Litteraturliste**

Pensum er på ca. 800 s. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

## **Emneevaluering**

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem

## **Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

## **Administrativt ansvarleg**

Fakultet for kunst, musikk og design v/Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

## **Kontaktinformasjon**

[studieveileder@kmd.uib.no](mailto:studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf; 55 58 69 50

## Emnekode MUTP306

### Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP306 / Musikkterapi i helsesektoren II

### Namn på emnet, engelsk

MUTP306 / Music therapy in the health sector – II

### Studiepoeng, omfang

15 stp.

### Studienivå (studiesyklus)

Master

### Fulltid/deltid

Fulltid

### Undervisningsspråk

Norsk

### Undervisningssemester

Haust og vår. Undervisninga går over to semester.

### Mål og innhald

Emnet gjev ei innføring i musikkterapi i eldreomsorg, og utdjupande arbeid med musikkterapi i psykisk helse- og rusarbeid. Emnet inneheld fire hovudkomponentar, inkludert praksis:

#### *Musikkterapi i eldreomsorg*

Kurset gjev ei innføring i musikkterapi i eldreomsorg, med fokus både på heimebuande eldre med relativt avgrensa hjelpebehov og eldre på institusjon med omfattande hjelpebehov, og inkluderer praksisar i varierte kontekster. Emnet vil forankre musikkterapeutisk praksis til teoretiske perspektiv frå ulike tradisjonar og tverrfaglege felt, og gje ei introduksjon til sentral forskning på feltet. Relasjonelle tilnærmingar blir vektlagde, med vekt på personstatus og medborgarskap. Kurset har fokus både på individuelle tilbod, tilrettelagde gruppetilbod og ulike former for miljøtiltak, som t.d. korarbeid. Det blir lagt vekt på at studentane skal utvikle evne til å støtte og anerkjenne dei eldre sine eigne musikkinteresser. Kurset vil utforske musikkterapiens rolle i system og institusjon og vektlegge ulike former for samarbeid og kompetanseoverføring.

#### *Fordjuping i musikkterapi i psykisk helse- og rusarbeid*

Kurset gjev ei fordjuping i musikkterapi som helsefremmjande arbeid, førebygging, behandling, og oppfølging innanfor kommunesektoren og spesialisthelsetenesta i psykisk helse og rus, med særskild fokus på å utvikle breidde i praksiskontekstar og settingar. Kurset tar sikte på å gje ei fordjuping i ulike musikkterapeutiske arbeidsformer som blir brukt i psykisk helsearbeid og rusarbeid, og vil søkje å vidareutvikle studentane sin bruk av samtale og personleg refleksjon. Undervisninga i emnet vil fokusere på musikkterapi i akutt behandling, utfordringar relaterte til komorbiditet og ROP-kontekstar (Nasjonal kompetansetjeneste for samtidig rusmisbruk og psykisk lidelse), oppfølgingsarbeid, og tidleg intervensjon. Kurset vil også omfatte perspektiv på arbeid med traume.

#### *Innføring i BMGIM*

Innføring i BMGIM (The Bonny Method of Guided Imagery and Music) inngår i emnet.

#### *Praksis*

Studentar i 9. og 10. semester har sjølvstendig praksis med rettleiing.

### Læringsutbyte

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

#### *Kunnskapar*

Studenten kjenner til teori, forskning og musikkterapeutiske arbeidsformer i eldreomsorg, og psykisk helse- og rusarbeid.

Studenten har djubdekunnskap som er nødvendig for utøving av musikkterapi innan eit breitt felt av kontekstar i psykisk helse- og rusarbeid, og god kunnskap i eldreomsorg.

#### *Dugleikar*

Studenten har godt utvikla dugleikar for musikkterapeutisk praksis innan psykisk helse og rus, og i eldreomsorg.

Studenten har evne til å utforme og skreddarsy musikkterapitilbod til brukar og organisasjon, og har evne til å tilpasse tilbodet til behov i ulike arbeidsfasar (helsefremmande og førebyggjande arbeid, behandling, og oppfølgingsarbeid).

#### *Generell kompetanse*

Studenten har utvikla eit repertoar av musikkterapeutiske arbeidsformar som kan nyttast fleksibelt i dei aktuelle praksisfelt.

Studenten kan nytte sine kunnskapar og dugleikar på nye område for å gjennomføre avanserte arbeidsoppgåver og prosjekt.

Studenten demonstrerer evne til tverrfagleg samarbeid, tverretatleg arbeid og kunnskapsoverføring.

#### **Krav til forkunnskapar**

Opptak til 300-nivå i det integrerte masterprogrammet i musikkterapi og gjennomført og bestått MUTP305.

#### **Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

#### **Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Ca. 12 forelesninger med varierte undervisningsformer som integrasjon av teoretisk og praktisk-metodisk kunnskapsstoff, og vil inkludere førelesingar, gruppearbeid, diskusjonar og dessutan ei verkstadsform med fokus på å tileigne seg, prøve ut, få rettleiing på og vidareutvikle praktisk-metodisk dugleik i musikkterapi.

#### **Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar fleire komponentar/kurs:

- Praksis med rettleiing og innlevering av praksisrapport (se Arbeidshefte for praksis)
- Ei praktisk-metodisk arbeidsbok med 10 aktivitetar skal utarbeidast
- 3 skriftlige tekstar, kvar på ca. 1000 ord
- BMGIM-kurs

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen. Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett.

#### **Vurderingsformer**

Ei skriftleg oppgåve basert på tre kortare skriftlege arbeid gjennom året. Den innleverte oppgåva skal innehalde tre komponentar og vere knytt til studentens eigenpraksis.

- Eit observasjons- eller refleksjonsnotat om klientretta arbeid som gjer koplingar til forskning og teoretiske perspektiv.
- Ein kommentert musikkterapeutisk song eller aktivitet som studenten sjølv har arrangert eller komponert. Kommentaren til den musikkterapeutiske songen/aktiviteten skal grunngje musikalske val utifrå terapeutiske målsetjingar.
- Ein utforskande refleksiv tekst om musikkterapi i system (til dømes integrasjon i institusjon, tverrfagleg samarbeid, samarbeid med pårørande)

Den innleverte oppgaven skal vere på ca. 3000 ord, med linjeavstand 1,5 og 12 pkt. skrift. Litteraturliste og vedlegg kjem i tillegg. Når to eller fleire studentar skriv oppgåve saman, blir omfanget utvida med 2/3 for kvar ny medforfattar.



Den endelege oppgåva blir vurdert som ein heilheit.  
Intern sensur med minst to sensorar.

**Karakterskala**

Greidd/Ikkje greidd

**Vurderingssemester**

Vår

**Litteraturliste**

Pensum er på ca. 800 s. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

**Emneevaluering**

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

**Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

**Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[studieveileder@kmd.uib.no](mailto:studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf; 55 58 69 50

## Emnekode MUTP312

**Namn på emnet, nynorsk/ bokmål**

MUTP312 / Musikkterapeutisk forskingsmetode

**Namn på emnet, engelsk**

MUTP312 / Music Therapy Research Methods

**Studiepoeng, omfang**

15

**Studienivå (studiesyklus)**

Master

**Fulltid/deltid**

Fulltid

**Undervisningsspråk**

Norsk

**Undervisningssemester**

Vår

**Undervisningsstad**

Griegakademiet – Institutt for musikk

**Mål og innhald**

Undervisninga skal gje innsikt i musikkterapiens vitenskapsteoretiske fundament og ulike forskingstradisjonar innan faget og kurset inneheld fire hovudkomponentar inkludert prosjektskisseseminar:

*Introduksjon til musikkterapeutisk forskning*

Kurset gjev eit oversyn over nokre sentrale problemfelt knytt til musikkterapeutisk forskning, og omfattar tema som: særlege kjenneteikn ved og utfordringar for musikkterapeutisk forskning, forskingstradisjonar i musikkterapifaget og vitenskapsteoretiske posisjonar som har prega feltet.

*Kvalitative forskingsmetodar*

Kurset gjev ein introduksjon til kvalitative forskingsmetodar i musikkterapi, og omfattar tema som: eigenarten ved kvalitative metodar, kunnskapssyn og kvalitative forskingstradisjonar, problemstilling, undersøkingsopplegg og forskingsprosess, metodar for datainnsamling, analyse, tolking og teoriutvikling, formidling, samfunnsrelevans og kvalitet.

*Kvantitative forskingsmetodar*

Kurset gjev ein introduksjon til kvantitativ forskingsmetode, og omfattar tema som: konstruksjon og kvalitetstesting av intervjueskjema, spørjeskjema og skalaer, representativitet og randomisering, grunnleggjande omgrep i statistisk dataanalyse, sentrale metodar innan statistisk dataanalyse.

*Kasusstudiar, teoretiske undersøkingar og blanda metodar (mixed methods)*

Kurset gjev ein introduksjon til kasusstudiar, teoretiske undersøkingar og blanda metodar, med vekt på tema som: kasusstudium som design og metode, moglegheiter for integrasjon av kvantitative og kvalitative forskingstilnærmingar og teoretisk vurdering og kritikk. Historisk forskning og ulike musikkorienterte tilnærmingar til musikkterapiforskning blir også diskutert i dette kurset.

**Læringsutbyte**

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

*Kunnskapar*

- har kunnskap innanfor kvalitative og kvantitative forskingsmetodar i musikkterapi

*Dugleikar*

- har evne til å kunne vurdere ulike forskingstradisjonar i musikkterapien i lys av vitenskapsteori  
- vurdere relevante forskingsmetodar for eiga masteroppgåve

**Generell kompetanse**

- har utvikla kompetanse til å kunne forske i musikkterapi og til å vurdere forskning på feltet
- kan orientere seg i forskningslitteratur

**Krav til forkunnskapar**

Opptak til 300-nivået av det integrerte masterprogrammet i musikkterapi. Unntak blir gjort for studentar på Forskingslinja.

**Tilrådde forkunnskapar**

Ingen

**Studiepoengsreduksjon**

Ingen

**Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

**Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Lærarstyrt undervisning, samarbeid i gruppe og sjølvstendig skriftlege arbeid.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar:

- Rettleiing av prosjektskissa, totalt 2,5 timar per student

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske aktivitetar er gjennomførte og godkjende før eksamen. Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett.

**Vurderingsformer**

Godkjend prosjektskisse på ca. 3200-4000 ord; ca. 10-12 sider, linjeavstand 1,5 og 12 pkt. skift. Litteraturliste og vedlegg kjem i tillegg. Når to eller fleire studentar skriv saman, blir omfanget utvida med 2/3 for kvar ny medforfattar.

Intern sensur med minst to sensorar.

**Karakterskala**

Greidd/Ikkje greidd

**Vurderingsssemester**

Vår

**Litteraturliste**

Pensum er på ca. 1000 s., derav 300 s. sjølvvald pensum. Eiga litteraturliste blir utarbeidd.

**Emneevaluering**

Det blir gjennomført evaluering i form av spørjeskjema. Ein skriftleg rapport blir utarbeidd.

**Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

**Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[studieveileder@kmd.uib.no](mailto:studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf; 55 58 69 50

## Emnekode MUTP313

**Namn på emnet, nynorsk/bokmål**

MUTP313 / Musikkterapi særøemne

**Namn på emnet, engelsk**

MUTP313 / Music Therapy Self-selected Theory Focus

**Studiepoeng, omfang**

15

**Studienivå (studiesyklus)**

Master

**Undervisningsspråk**

Norsk

**Undervisningssemester**

Haust

**Mål og innhald**

Emnet gjev ei fordjuping i musikkterapeutisk teori, der studenten sjølv kan velje eit særøemne, t.d. teori innan eit praksisfelt, ei praksisform, eller kunnskapstradisjon, eller utvalde tema som t.d. teoriutvikling, teorikritikk eller teoribruk.

**Læringsutbyte***Kunnskapar*

Studenten har utvikla god oversikt over og forståing av eit musikkterapeutrisk særøemne

*Dugleikar*

Studenten kan reflektere kritisk over teori og forskning innan særøemnet

*Generell kompetanse*

Studenten har utvikla øvd dugleik i akademisk skrivning, med evne til å presentere, vurdere og utvikle teoretiske argument.

**Krav til forkunnskapar**

Opptak til den vitenskaplege delen (60 stp) av 300-nivået av Femårig integrert masterprogram i musikkterapi.

**Tilrådde forkunnskapar**

Ingen

**Studiepoengsreduksjon**

Eit teoriorientert musikkterapiemne på master- eller vidareutdanningsnivå kan gje grunnlag for studiepoengreduksjon dersom emnet ikkje inngår i krav til studierett. Døme: Emnet MUTP661 / Vidareutdanning i musikkterapi i eldreomsorg gjev 15 stp (full) reduksjon.

**Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Emnet er ope for studentar som er tatt opp til den vitenskaplege delen (60 stp.) av 300-nivået av Femårig integrert masterprogram i musikkterapi. Dette vil i hovudsak gjelde studentar med toårig vidareutdanning i musikkterapi (gamal ordning). For desse studentane vil eit vanleg studieløp vere: MUTP313 / Musikkterapeutisk særøemne (15 stp.), MUTP 312 / Musikkterapeutisk forskingsmetode (15 stp.) og MUTP350 / Masteroppgåve i musikkterapi (30 stp.).

**Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

Emnet gjev rom for sjølvstendig arbeid og det er i utgangspunktet ikkje organisert og obligatorisk undervisning i emnet.

### **Obligatorisk undervisningsaktivitet**

Rettleiing av semesteroppgåva.

### **Vurderingsformer**

Artikkel eller essay på ca. 8000 ord. Litteraturliste og vedlegg kjem i tillegg. Når to eller fleire studentar skriv i saman, blir omfanget utvida med 2/3 for kvar ny medforfattar. Teksten kan skrivast på norsk eller engelsk (etter søknad eventuelt også på andre språk) og skal ha eit samandrag (abstract) på engelsk på 100-200 ord.

### **Karakterskala**

Bokstavkarakterar, A - F

### **Vurderingssemester**

Haust

### **Litteraturliste**

Pensum min 800 sider.

### **Emneevaluering**

Det blir gjennomført evaluering i form av spørjeskjema. Ein skriftleg rapport blir utarbeidd.

### **Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

### **Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

### **Kontaktinformasjon**

[studieveileder@kmd.uib.no](mailto:studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf; 55 58 69 50

## Emnekode MUTP350

### Namn på emnet, nynorsk/bokmål

MUTP350 / Masteroppgåve i musikkterapi/Masteroppgave i musikkterapi

### Namn på emnet, engelsk

MUTP350 / Master Thesis in Music Therapy

### Studiepoeng, omfang

30

### Studienivå (studiesyklus)

Master

### Fulltid/deltid

Fulltid

### Undervisningsspråk

Norsk

### Undervisningssemester

Haust og vår. Undervisninga går over to semester.

Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

### Mål og innhald

Studenten vel sjølv tema og problemstilling, men blir oppmoda om å knyte seg opp mot eksisterande forskning i fagmiljøet, når det er praktisk og fagleg mogleg. Ofte er det relevant å fokusere på praksisrelevante tema i utforming av masteroppgåva, men studentens musikkterapeutiske, teoretiske og metodiske interesser kan peike i retning av ulike typar oppgåve. Her følgjer nokre døme (lista er ikkje tenkt som komplett):

*Kvalitativ kasusanalyse:* Ein musikkterapeutisk prosess eller ein person eller ei gruppes utvikling blir skildra og drøfta med utgangspunkt i aktuell musikkterapeutisk teori. Ei oppgåve fokusert på musikkterapeutisk kartlegging eller utgreiing kan også vere eit døme på denne type oppgåve.

*Kvalitativ intervjuundersøking:* Oppleving av og erfaring med musikkterapi (hos klient, terapeut, eller pårørande) blir granska gjennom kvalitative djupneintervju.

*Kvalitativt feltstudie:* Ein musikkterapeutisk situasjon eller kontekst blir granska gjennom deltakande observasjon, feltintervju og/eller analyse av dokument og artefaktar.

*Teoretisk oppgåve:* Eit avgrensa musikkterapeutisk problem blir granska gjennom litteraturstudiar.

*Historisk undersøking:* Eit avgrensa aspekt av musikkterapiens historie – lokalt, nasjonalt eller internasjonalt – blir granska gjennom kjeldegransking, intervju og andre relevante historiske metodar.

*Surveyundersøking:* Problemstillingar knytt til større populasjonar eller grupper av individ blir granska ved hjelp av spørjeskjema eller standardisert intervju.

*Eksperimentell undersøking:* Effekten av ein musikkterapeutisk intervensjon blir evaluert gjennom bruk av eksperimentelt design.

*Mixed methods og pilotundersøkingar:* Nokre hovudoppgåver vil naturleg kunne vere ein kombinasjon av dei ulike døma på oppgåvetypar som er nemnt ovanfor. Pilotundersøking som har som mål å førebu ei etterfølgjande, meir omfattande undersøking, kan også vere aktuelle. For alle oppgåvetypar gjeld at val av analysemetode skal vere tilpassa val av design. Kvalitative studiar kan til dømes analyserast gjennom bruk av ein variant av Grounded Theory eller ei meir fortolkande hermeneutisk tilnærming, medan surveys og eksperimentelle design føreset relevant statistisk analyse.

*Delarbeid innan eit større forskingsprosjekt:* Studenten kan få høve til å vera med i eit større pågåande forskingsprosjekt i GAMUT - Griegakademiets senter for musikkterapiforskning. Ein del av designa nemnde over er såpass omfattande og krevjande at ei tilknytning til GAMUT ofte er einaste realistiske alternativ. Studentane sin medverknad i eit større prosjekt vil arte seg ulikt alt etter type prosjekt og kva fase av prosjektet studentane kjem inn i. Som hovudregel vil arbeidet gå ut på at studentane i samråd med rettleiar vel ut ei avgrensa problemstilling innan prosjektet som dei så søker å granske ved anten å samle inn nye data eller å analysere eit eksisterande datatilfang. Studentane sitt arbeid må stå fram som eit sjølvstendig bidrag til hovudprosjektet.

### **Læringsutbyte**

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

#### *Kunnskapar*

- kan dokumentere forståing av sentrale forskingsprinsipp innan musikkterapien
- evner å analysere problemstillingar og datatilfang systematisk og kritisk
- evner å gi ei instruktiv og presis skriftleg framstilling av saksområdet

#### *Dugleikar*

- kan gjennomføre eit sjølvstendig prosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskningsetiske normer

#### *Generell kompetanse*

- kan formidle omfattande sjølvstendig arbeid og meistrar fagområdet sine uttrykksformer både til spesialistar og ålmenta

### **Krav til forkunnskapar**

Opptak til 300-nivået av det integrerte masterprogrammet i musikkterapi og greidd MUTP311 og MUTP312.

### **Tilrådde forkunnskapar**

Ingen

### **Studiepoengsreduksjon**

Ingen

### **Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

### **Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

I hovudsak sjølvstendig arbeid, supplert med rettleiing og oppgåveseminar.

Det førebunde arbeidet med masteroppgåva startar alt i 7. semester (med gjennomgang av og sjølvstendig arbeid med musikkterapiteori) og held fram i 8. semester (med utarbeiding av projektskisse), medan datainnsamling, analyse og skriving som regel er konsentrert til 9. og 10. semester.

### **Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar:

- Oppgåverettleiing (omfang etter gjeldande retningslinjer) og oppgåveseminar (2 t per student).

Fråvær på meir enn 20% fører normalt til tap av eksamensrett.

### **Vurderingsformer**

Masteroppgåve.

Minst to sensorar kor ein skal vera ekstern.

**Formelle krav til masteroppgåva**

Masteroppgåva kan skrivast på norsk eller engelsk (etter søknad eventuelt også på andre språk) på en av følgende måter:

**1. Monografi format**

Masteroppgåva på MUTP350 skal vere på ca. 20-25000 ord; 60-70 s med linjeavstand 1,5, margar 2,5 cm og Times New Roman 12 som skrifttype. Litteraturliste og vedlegg kjem i tillegg. Når to eller fleire studentar skriv i saman, blir omfanget utvida med 2/3 for kvar ny medforfattar.

Oppgåva skal ha eit samandrag (abstract), normalt på engelsk på 100-200 ord. Tittel skal også vere omsett til engelsk.

Formelle krav til utforming, stil, referering osv. følgjer vanleg akademisk standard.

eller:

**2. Artikkel format**

Masteroppgåva kan også skrivast som ein vitenskapleg artikkel med "kappe" (utvida innleiing med presentasjon av bakgrunn pluss ei avslutning med drøfting av implikasjonar og/eller forslag til vidare forskning). Sjølve artikkelen kan leverast som publisert eller vurdert av fagfelleverdert tidsskrift, eventuelt som manuskript ferdig for levering til eit slikt tidsskrift. Teksten skal følgje det

aktuelle tidsskrift sine reglar for utforming av artiklar og desse reglane må leggjast ved innlevering. Vedtekne reglar om medforfattarskap gjeld (sjå til dømes Vancouver reglane

<http://www.icmje.org/>). Det må gå klårt fram kva som er studentens eige bidrag. Omfanget av

artikkelen følgjer tidsskriftet sin standard (for eksempel ca. 6000 ord), medan "kappa" skal vere på ca. 12000 ord; ca. 30-35 s med linjeavstand 1,5, margar 2,5 cm og Times New Roman 12 som

skrifttype. Når to eller fleire studentar skriv artikkel og masteroppgåve i saman, blir sidetal for "kappa" utvida med 2/3 for kvar ny medforfattar. Inntil tre studentar kan samarbeide om artikkelen.

**Karakterskala**

Bokstavkarakterar, A – F

**Vurderingssemester**

Vår

**Litteraturliste**

Det blir forventa at studenten sjølvstendig søker fram til, tileignar seg og arbeider med relevant litteratur for masteroppgåva.

**Emneevaluering**

Det blir gjennomført evaluering i form av spørjeskjema. Ein skriftleg rapport blir utarbeidd.

**Programansvarleg**

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

**Administrativt ansvarleg**

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon**

[studieveileder@kmd.uib.no](mailto:studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf; 55 58 69 50



## Emnekode MUTP360

### Namn på emnet, nynorsk/ bokmål

MUTP360 / Masteroppgåve i musikkterapi/Masteroppgave i musikkterapi

### Namn på emnet, engelsk

MUTP360 / Master Thesis in Music Therapy

### Studiepoeng, omfang

60

### Studienivå (studiesyklus)

Master

### Fulltid/deltid

Fulltid

### Undervisningsspråk

Norsk

### Undervisningssemester

Haust og vår. Undervisninga går over fire semester

### Undervisningsstad

Griegakademiet – Institutt for musikk

### Mål og innhald

MUTP360 / Masteroppgåve i musikkterapi er for studentar på Forskingslinja. Studenten vel sjølv tema og problemstilling, men blir oppmoda om å knyte seg opp mot eksisterande forskning i fagmiljøet, når det er praktisk og fagleg mogleg. Ofte er det relevant å fokusere på praksisrelevante tema i utforming av masteroppgåva, men studentens musikkterapeutiske, teoretiske og metodiske interesser kan peike i retning av ulike typar oppgåve. Her følgjer nokre døme (lista er ikkje tenkt som komplett):

*Kvalitativ kasusanalyse:* Ein musikkterapeutisk prosess eller ein person eller ei gruppes utvikling blir skildra og drøfta med utgangspunkt i aktuell musikkterapeutisk teori. Ei oppgåve fokusert på musikkterapeutisk kartlegging eller utgreiing kan også vere eit døme på denne type oppgåve.

*Kvalitativ intervjuundersøking:* Oppleving av og erfaring med musikkterapi (hos klient, terapeut, eller pårørande) blir granska gjennom kvalitative djupneintervju.

*Kvalitativt feltstudie:* Ein musikkterapeutisk situasjon eller kontekst blir granska gjennom deltakande observasjon, feltintervju og/eller analyse av dokument og artefaktar.

*Teoretisk oppgåve:* Eit avgrensa musikkterapeutisk problem blir granska gjennom litteraturstudiar.

*Historisk undersøking:* Eit avgrensa aspekt av musikkterapiens historie – lokalt, nasjonalt eller internasjonalt – blir granska gjennom kjeldegransking, intervju og andre relevante historiske metodar.

*Surveyundersøking:* Problemstillingar knytt til større populasjonar eller grupper av individ blir granska ved hjelp av spørreskjema eller standardisert intervju.

*Eksperimentell undersøking:* Effekten av ein musikkterapeutisk intervensjon blir evaluert gjennom bruk av eksperimentelt design.

*Mixed methods og pilotundersøkingar:* Nokre hovudoppgåver vil naturleg kunne vere ein kombinasjon av dei ulike døma på oppgåvetypar som er nemnt ovanfor. Pilotundersøking som har som mål å førebu ei etterfølgjande, meir omfattande undersøking, kan også vere aktuelle. For alle oppgåvetypar gjeld at val av analysemetode skal vere tilpassa val av design. Kvalitative studiar kan til dømes analyserast gjennom bruk av ein variant av Grounded Theory eller ei meir fortolkande hermeneutisk tilnærming, medan surveys og eksperimentelle design føreset relevant statistisk analyse.

*Delarbeid innan eit større forskingsprosjekt:* Studenten kan få høve til å vera med i eit større pågåande forskingsprosjekt i GAMUT - Griegakademiets senter for musikkterapiforskning. Ein del av designa nemnde over er såpass omfattande og krevjande at ei tilknytning til GAMUT ofte er einaste realistiske alternativ. Studentane sin medverknad i eit større prosjekt vil arte seg ulikt alt etter type prosjekt og kva fase av prosjektet studentane kjem inn i. Som hovudregel vil arbeidet gå ut på at studentane i samråd med rettleiar vel ut ei avgrensa problemstilling innan prosjektet som dei så søker å granske ved anten å samle inn nye data eller å analysere eit eksisterande datatilfang. Studentane sitt arbeid må stå fram som eit sjølvstendig bidrag til hovudprosjektet.

### **Læringsutbyte**

Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

#### *Kunnskapar*

- kan dokumentere forståing av sentrale forskingsprinsipp innan musikkterapien
- evner å analysere problemstillingar og datatilfang systematisk og kritisk
- evner å gi ei instruktiv og presis skriftleg framstilling av saksområdet

#### *Dugleikar*

- kan gjennomføre eit sjølvstendig prosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskningsetiske normer

#### *Generell kompetanse*

- kan formidle omfattande sjølvstendig arbeid og meistrar fagområdet sine uttrykksformer både til spesialistar og ålmenta
- Masteroppgåver på Forskingslina skal i særleg grad dokumentere metodisk soliditet, teoretisk fordjuping og relevans for fag og samfunn.

### **Krav til forkunnskapar**

Opptak til 300-nivået av det integrerte masterprogrammet i musikkterapi og greidd MUTP311 og MUTP312.

### **Tilrådde forkunnskapar**

Ingen

### **Studiepoengsreduksjon**

Ingen

### **Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program**

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

### **Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**

I hovudsak sjølvstendig arbeid, supplert med rettleiing og oppgaveseminar.

### **Obligatorisk undervisningsaktivitet**

All undervisning er obligatorisk og omfattar:

- Oppgåverettleiing (omfang etter gjeldande retningslinjer) og oppgaveseminar (2 t per student). Fråvær på meir enn 20% fører normalt til tap av eksamensrett.

### **Vurderingsformer**

Masteroppgåve.

Minst to sensorar kor ein skal vera ekstern.

### *Formelle krav til masteroppgåva*

Masteroppgåva kan skrivast på norsk eller engelsk (etter søknad eventuelt også på andre språk) på en av følgjende måter:

### 1. Monografi format

Masteroppgåva på MUTP350 skal vere på ca. 30-40000 ord; 80-110 s med linjeavstand 1,5, margar 2,5 cm og Times New Roman 12 som skrifttype. Litteraturliste og vedlegg kjem i tillegg. Når to eller fleire studentar skriv i saman, blir omfanget utvida med 2/3 for kvar ny medforfattar. Oppgåva skal ha eit samandrag (abstract), normalt på engelsk på 100-200 ord. Tittel skal også vere omsett til engelsk.

Formelle krav til utforming, stil, referering osv. følgjer vanleg akademisk standard.

eller:

### 2. Artikkel format

Masteroppgåva kan også skrivast som ein vitenskapleg artikkel med "kappe" (utvida innleiing med breiare gjennomgang av litteratur og/eller meir omfattande presentasjon av bakgrunn og problemstillingar pluss ei avslutning med fyldigare diskusjon og/eller drøfting av implikasjonar og forslag til vidare forskning). Sjølve artikkelen kan leverast som publisert eller vurdert av fagfellevurdert tidsskrift, eventuelt som manuskript ferdig for levering til eit slikt tidsskrift. Teksten skal følgje det aktuelle tidsskrift sine reglar for utforming av artiklar og desse reglane må leggjast ved innlevering. Vedtekne reglar om medforfattarskap gjeld (sjå til dømes Vancouver-reglane <http://www.icmje.org/>). Det må gå klårt fram kva som er studentens eige bidrag. Omfanget av artikkelen følgjer tidsskriftet sin standard (for eksempel ca. 6000 ord), medan "kappa" skal vere på ca. 18000 ord; ca. 45-50 s med linjeavstand 1,5, margar 2,5 cm og Times New Roman 12 som skrifttype. Når to eller fleire studentar skriv artikkel og masteroppgåve i saman, blir sidetal for "kappa" utvida med 2/3 for kvar ny medforfattar. Inntil tre studentar kan samarbeide om artikkelen.

### Karakterskala

Bokstavkarakterar, A - F

### Vurderingssemester

Vår

### Litteraturliste

Det blir forventa at studenten sjølvstendig søker fram til, tileignar seg og arbeider med relevant litteratur for masteroppgåva.

### Emneevaluering

Det blir gjennomført evaluering i form av spørjeskjema. Ein skriftleg rapport blir utarbeidd.

### Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

### Administrativt ansvarleg

Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

### Kontaktinformasjon

[studieveileder@kmd.uib.no](mailto:studieveileder@kmd.uib.no)

Tlf; 55 58 69 50